



ÅRSMELDING

2015

# Innhald

## **Kommentarar frå Ordførar og Rådmann.....4**

## **Dette er Hå ..... 8**

*I dette kapitlet vil vi gje eit overblikk over Hå, visjonen og verdiane, dei viktigaste måla frå kommuneplanen og kva som skjedde i 2015. Hå er – og skal fortsette å vere – ein god kommune å bo, leve og arbeide i.*

## **Slik styrer vi .....20**

*I dette kapitlet omtalar vi korleis vi arbeider i kommunen, kvem som styrer og korleis vi følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutiner bestemmer. Vi omtalar også kven vi er og korleis det er å arbeide her*

## **Tenesteområda.....39**

*Der er stor aktivitet i kommunen og mange spennande ting skjer. I den neste delen av årsmeldinga går vi inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei tre tenesteområda og stabsområdet*

## **Opplæring og kultur.....40**

*Barnehagebruksplanen er revidert og dannar grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering. Arbeidet med Jærskulen går vidare. Dette er eit langsiktig arbeid som legg vekt på at skulane skal arbeide grundig med å analysere seg fram til satsingsområde. Innanfor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle og støtte til eit veldrive organisasjonsliv.*

## **Helse- og sosialsaker.....50**

*Styrking av samarbeid har vært viktig i 2015. Stor aktivitet, fokus på leiarkompetanse og styrking av samarbeidet mellom avdelingane og andre tenesteområder innanfor kommunen.*

## **Tekniske saker og næring.....59**

*Også i 2015 var aktiviteten innanfor tenesteområdet tekniske saker og næring prega av arbeidet med store plan- og utbyggingsaker. Reguleringsplanen for vidare utbygging av eit område for om lag 330 nye bustader i Stokkalandsmarka vart godkjent av kommunestyret og opparbeidinga av det første feltet med 32 einbustadtomter vart gjennomført. Bygging av parsellar av nye omkøyringsvegar på Nærbø og på Vigrestad kom i gang. Reguleringsplanar for næringsområda i Krusemarka og Tjemslandsmarka vart godkjent og opparbeidinga av*

*Tjemslandsmarka vart starta opp. Opprusting av VA-anlegga og veganlegga med trafikkisikringstiltak i Gudmestadvegen og Vågen/Skansabakken pågjekk for fullt. Det vart bygd ny gang- og sykkelveg frå Prestakrysset til Skrettinglandvegen og frå Nærland til Klepp grense og kommunestyret godkjente reguleringsplan for ny omkøyringsveg nord for Brusand.*

**Administrasjonen** ..... 73

*2015 var året da det vart gjort fleire grep for å møte innbyggjarane på ein betre måte og kunne gje både innbyggjarar og dei tilsette i kommunen betre service.*

**Framtidsutsikter** ..... 82

*Hå kommune held stø kurs når det gjeld drift og investeringar for budsjettet 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 til tross for usikre tider nasjonalt, regionalt og lokalt*

**Årsresultat** ..... 85

*Resultata frå 2015 syner at kommunen har stø kurs framover. Vi leverer nok eit godt driftsresultat og store investeringar for framtida blir gjort slik det er omtalt i kommuneplanen. Der er også utfordringar framover. Nedgangen i næringslivet i regionen pregar også Hå og i 2015 har vi sett låg befolkningsutvikling, låg bustadbygging, auke i talet på personar utan arbeid og mange fleire flyktningar*

**Årsrekneskap**..... 95

*I dette kapitlet er fullstendig årsrekneskap med Revisjonsberetning.*

**Rapport om finansforvaltinga** ..... 125

**Noter til Noter til årsresultat og finansrapport** ..... 127

*Framsdebildet er ein «selfie» tatt av medseglar Karsten Skrettingland under Tall Ships Race.*

## **Ordførarens kommentar:**

*Hå kommune er ein god kommune å bu, leva og arbeida i . Me løfter i lag. Vi har bidratt til samfunnsutvikling lokalt og regionalt samstundes som vi førebur oss på folkeavstemming om ein eventuell ny Jæren kommune. Samfunnet vårt er i endring og det handlar om korleis vi møter endringane.*

Det er berre litt over eit år sidan kommunestyret vedtok ein kommuneplan der det vart rekna med ein folkeauke på omlag 2,5 % i året. Vi antok at det måtte byggjast bustadar i forhold til dette og laga ein plan for fordeling av desse bustadane i kommunen. Så endra vilkåra for oljeindustrien seg, med ringverknadar i oljerelatert næringsliv, og vidare ringverknadar i anna næringsliv. Vi ser det vi nok også visste, at å framskriva ei utvikling på bakgrunn av det som har hendt dei siste 10 åra er ei usikker øving.

Vi må forholde oss til endringar. Det er ikkje lenger slik at dei fleste i kommunen bur rundt på gardane og at det stort sett er dei som ikkje hadde odell på gard som flytta til stasjonsbyen. Slik var det for få tiår sidan. No bur folk stort sett i stasjonsbyane og her skal det bu langt fleire folk enn det vi har vore vane med. Vi satsar for fullt på utbygginga av Stokkelandsmarka, men utover det har vi snakka om fortetting i mange år. No er vi i ferd med å gjera det. Det veks opp blokker - i alle deler av kommunen. Mange vel å bu tett i leilegheiter. For få år sidan var det utenkeleg. Vi skal no laga sentrumsplanar for stasjonsbyane etter tur.

Det er mange som har flytta til Hå frå andre deler av landet. Vidare har nesten kvar tiande innbyggjar i Hå kome frå eit anna europeisk land, mange av desse frå aust-europeiske land. I tillegg har vi dei som har kome til landet som asylsøkjjarar og som har fått busetjing i Hå. Det er i underkant av 400 personar sidan 1999, men det er slett ikkje alle av desse som har vorte verande i Hå. Uansett har vi vorte ein kommune med ei samansett befolkning. Vi er ikkje lenger ei einsarta folkegruppe, korkje når det gjeld utsjånad, språk, religion eller kulturbakgrunn. Det kan sjå ut som om det ligg til oss menneske å definera oss i grupper. Det vert ofte vi og dei. Vi snakkar mykje om integrering og tenkjer gjerne at dei andre må verta slik som oss. Kan hende vi skulle ha snakka meir om inkludering.

I eit mangfaldig samfunn må det handla om å respektera ulikskap. Ikkje slik at vi ikkje skal ta vare på det som vi set pris på i samfunnet slik vi har hatt det i Hå kommune. Vi skal ta vare på eit samfunn med små avstandar der vi bryr oss om kvarandre. Vi skal ta vare på den dugnadsanda vi er kjende for. Frivillige lag og organisasjonar i eit breitt spekter både innan idrett, kristenliv og anna kultur er eit adelsmerke for Hå kommune. Vi skal ta vare på den kristne kulturarven det store fleirtalet i kommunen kjenner seg heime i. Vi skal ta vare på det som vi kjenner oss heime i og samtidig skal vi respektera at andre har andre verdiar og levemåtar.

Straumen av flyktningar som kjem til Norge frå krigsherja land lenger sør og aust vil vera med på å gjera befolkinga i kommunen endå meir samansett. Det kan til og med verta slik at det kostar oss kommunale pengar å vera medmenneske. Eg tenkjer at det vil vera viktig i åra framover å kunna bruka det beste vi har i vår eigen arv for å byggja kommunen vidare som ein god kommune å leva og bu i for alle slags Hå-buar, uansett opphav.

Jordvern og arealutvikling er viktig for ein kommune med matproduksjon i form av eit sterkt landbruk og ein betydeleg næringsmiddelindustri. Samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv og utvikling av næringsareal blir endå viktigare i ei tid med svikt i oljesektoren. Næringsområda i Kviamarka, Tjemslandsmarka, Skoga og Bjorhaug i tillegg til Sirevåg hamn er vesentleg i den krevjande tida kommunen og regionen no er inne i.

Det har vore mange store augeblikk i Hå kommune i året som gjekk. Vi har fått demokratipris for godt styresett i Hå. Pris som årets kulturkommune i Rogaland er tildelt til kommunen for andre gong. Kultur står sterkt i Hå. Vi har utruleg mykje å vera stolt av og som lover godt for dei neste generasjonane.

2015 var dessutan året då om lag 10 000 menneske kom til Sirevåg i forbindelse med «*The Tall Ships Race*». Eit arrangement som meir enn noko viser kva vi kan få til når vi er opne for nye moglegheiter, er driftige og står på. Hå kommune som organisasjon og vi som bur her kan vera stolte av å gjennomføra eit slikt arrangement. Sirevåg hamn ligg slik til at det opnar for mange moglegheiter, og vi håper at vi kan gjera noko tilsvarande ei gong i framtida.

2015 var året vi starta arbeidet med kommunereforma. Ei styringsgruppe med ordførar, varaordførar og leiar for det største opposisjonspartiet i Hå, Time og Klepp har arbeidd fram ein intensjonsavtale for ein eventuell ny Jæren kommune sett saman av dei tre kommunane Klepp, Time og Hå. Denne intensjonsavtalen skal vera grunnlaget for folkeavstemming om ein ny Jæren kommune den 25. april 2016. Arbeidet i styringsgruppa har gjort det tydelig for oss at vi har mykje felles i desse tre kommunane. Vidare har arbeidet vist at kommunane er likare enn vi var klar over også når det gjeld økonomi. Så er det store spørsmål som styringsgruppa ikkje har gått inn i. Tenester er ulikt organisert i dei ulike kommunane, slik som e-verk, renovasjon og brannvesen. Dette og mange detaljar må det arbeidast vidare med om det skulle visa seg at innbyggjarane i Hå, Time og Klepp er klar for ein ny og stor landbrukskommune med namnet Jæren.

Eit spanande og utfordrande 2016 ligg framføre oss. Takk til alle som er med på å utvikle denne flotte kommunen og regionen vår.



Jonas Skrettingland  
Ordfører

Foto: Anna Nesvik

## **Rådmannens kommentar:**

*Hå kommune har god økonomistyring med eit overskot på 34,5 millionar kroner, tilsvarande 6,6 % netto driftsresultat. Eit godt resultat å ha med seg vidare med auka investeringar og omskriftelege tider.*

Budsjettet for 2015 hadde overskrifta «Vi riggar for vekst». Overskrifta for 2016 var «Stø kurs framover». Arbeidet med økonomiplanen har vore prega av at vi er usikre på korleis utviklinga ville bli det neste året. Det er fleire usikre faktorar enn på lenge med auka arbeidsløyse, flyktningsstraum og ein befolkningsauke på bare 0,3 %. Då er det godt å ha med seg eit driftsresultat på 86 millionar kroner inn i 2016. Dette er 6,6 % av driftsinntektene og betre enn forventa på grunn av høgare tilskott og refusjonar, reduserte pensjonsutgifter, lågare finansutgifter og ikkje minst god budsjettstyring i alle tenesteområda. Rådmannen foreslår at overskottet på 34,5 millionar kroner leggst til disposisjonsfondet.

I 2015 har vi jobba mykje med organisasjonsbygging og -utvikling. Arbeid på tvers i heile organisasjonen har stått sentralt. Visjonen Me løfter i lag ble vedtatt i desember 2014 i forbindelse med kommuneplanen, men blei først tatt i bruk i 2015. Det er flott å oppleve korleis den har «satt seg». Verdiane open, driftig og stolt fyllast meir og meir med innhald etter kvart som vi bruker dei, og er eit godt og nyttig verktøy for å bygge den organisasjonskulturen vi ønskjer. Arbeidet med grafisk profil kom også på plass i 2015. Hå har med dette blitt meir synleg både lokalt og regionalt med ein sterk identitet knytta til kommunevåpenet og steinbukken.

Fjoråret jobba vi mykje med sykefravær gjennom leiarutvikling, satsinga på «tett og tidleg i Hå» mellom leiar og medarbeider og Inkluderande samarbeid i heile organisasjonen. Langtidssykefraværet (over 40 dagar) viser ein nedgang på 1,2 prosentpoeng fra 4. kvartal i 2014 til 4. kvartal i 2015. For perioden 1.1.2015 – 31.12.2015 betyr dette eit totalt sykefravær på 6,6 % og ein reduksjon på 1,1 prosentpoeng samanlikna med same periode året før. Vi følgjer dette tett og arbeider for at den gode trenden fortset gjennom oppfølging mellom leiar og medarbeidar.

Arbeidet med organisasjons-, kompetanse- og leierutvikling har vært eit viktig satsingsområde i 2015. Alle sentrale arkiv er samla i Dokumentsenteret, alle personal- og organisasjonsressursar er sentralisert og seint i desember opna Servicetorget. Vi har satsa mykje på leiarar i Hå kommune. På fire årlege halvdays-samlingar under namnet «Leiarforum» samlast om lag 80 leiarar og tillitsvalde til fagleg påfyll, oppdatering med pågåande prosessar og utviklingsarbeid. Kommunen har og sett i verk eit heilskapleg leiarutviklingsprogram for 30 leiarar. Programmet er delt opp i seks enkeltståande samlingar og/eller bolkar og har som samla siktemål både å utruste den einskilde leiar og å nytte denne kunnskapen i utviklingsprosjekt ved einingane til desse leiarane. I tillegg er det satsa mykje på leiarutvikling for styrarar i barnehagane, kompetanseheving for assistentar i barnehagane, styrking av kompetanse og tiltak for barn med særskilte behov og ikkje minst etter- og vidareutdanning for lærarar og skuleleiarane. Hå kommune har inneverande skuleår 24 lærarar som deltek på «kompetanse for kvalitet» som er eit nasjonalt satsingsområde.

Hå kommune gjennomfører ei medarbeidarundersøking anna kvart år. Hensikta med undersøkinga er å kartleggje tilsette si oppleving av eigen arbeidskvardag og å skape eigarskap til arbeidet med å utvikle arbeidsmiljøet. Samla svarprosent for kommunen er 72 %, noko som er svært godt. Resultata for kommunen synar at Hå kommune ligg på nivå med eller høgare enn snittet for landet på alle variablar. Det er utarbeida eiga arbeidsbok som vegleiiing og anbefaling for vidare arbeid med og oppfølging av resultata ved den einskilde eining.

Flyktningproblematikken er ei en stor internasjonal, nasjonal og regional utfordring. Samarbeid på tvers er derfor viktig. Integreringsarbeidet grip inn i mange avdelingar i kommunen og ansvaret er delt. Hå kommune etablerte eit eige prosjekt i 2015 for å se på korleis vi organiserer integreringsarbeidet i kommunen. Rapporten viste at vi har ein del utfordringar å jobba med. Dette arbeidet er allereie i gang og vil fortsette i tida framover.

Arbeidet i Jærskulen er eit viktig arbeid i samarbeid mellom skulane i Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Tilstandsrapporten «Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2015» beskriv arbeidet med skuleutvikling i Jærskulen og den syner kvalitet og utvikling på skuleområdet i våre kommunar. I rapporten kjem det fram styrkar og utfordringar, likskap og ulikskap. Denne kunnskapen vil gjennom gode prosessar gi læring og inspirasjon i arbeidet med å skapa ein enda betre skule.

Der var mange store augneblikk i 2015. Eit av dei var «*kommunedagen*». Dette var eit stort arrangement for alle politikare og medarbeidarar i Hå kommune med tema *verdibasert kommunikasjon*. Vi la vekt på kor viktig det er å stå saman som kollegaer i ein stor organisasjon, kven vi er og kva som er våre mål og store samfunnsoppdrag.

Eg vil takka alle medarbeidarar, hovudtillitsvalte og politikarar for eit godt samarbeid og for at me løfter i lag.

Anne Berit Berge Ims  
Rådmann



Foto: Anna Nesvik

# Dette er Hå


I dette kapittelet vil vi gi eit overblikk over Hå, visjonen og verdiane, dei viktigaste måla frå kommuneplanen og kva som skjedde i 2015. Hå er – og skal fortsette å vere – ein god kommune å bo, leve og arbeide i. Resultata frå 2015 syner at kommunen har stø kurs framover. Vi leverer nok eit godt driftsresultat og store investeringar for framtida blir gjort slik det er omtalt i kommuneplanen. Det er også utfordringar framover. Nedgangen i næringslivet regionen pregar også Hå og i 2015 har vi sett låg befolkningsutvikling, låg bustadbygging, auke i talet på personar utan arbeid og mange fleire flyktningar.

## Visjon og verdier – Me løfter i lag

Året vi har bak oss er det første året med den nye visjonen – Me løfter i lag. Prosessen og forankring av visjonsarbeidet blei gjennomført med politikarar og leiarar og vedtatt med kommuneplanen i desember 2014.

Med høgare utgifter til sosialhjelp, nedgang i oljenæringa i tillegg til auka arbeidsløysing og usikkerhet rundt vekst i innbyggjarar og bustadbygging gjeld det å løfte i lag for å få til dei beste resultata for innbyggjarane våre. Dette har vi vist i 2015! Verdiane våre går gjennom alt me gjer – i møtet med brukarar, elevar, innbyggjarar, næringsliv, myndigheiter og næringsliv.

Nye krav og rammer for kommunale tenester gjer omstilling nødvendig på alle nivå i organisasjonen. Dette krev kompetanse på endringsleiing. Gjennom leiarforum og leiarutviklingsprogram, etablering av servicetorg, nytenking og innovasjon i heile organisasjonen kan vi saman løfte i lag gjennom verdiane open, driftig og stolt. På den måten kan vi vere betre rusta til å møte dei moglegheiter og utfordringar vi har i ein vekstkommune. Dette biletet brukte vi når budsjettet for 2016 blei presentert og viser korleis verdiane byggjer opp under visjonen «me løfter i lag».






## Slik står det til i kommunen


Vi ser utfordringar med lågare vekst i befolkning og bustadbygging, auke i arbeidsløyse, fleire flyktningar og større klimautfordringar. Det er derfor godt at vi ha nokre gode år bak oss med robust økonomi slik at vi er rusta for utfordringane. Gjennom Kommuneplanen 2014 - 2028 har kommunestyret bestemt at Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Ein skal ikkje ha periodar med overforbruk og la etterkomarane måtte gjenvinna handlefridomen. Dette målet har vi nådd også i 2015. Driftsresultatet er 6,6% av driftsinntektene mot målet som er satt på 1,5%. Dette gjorde at vi kunne leggje pengar til side, netto oppbygging av fond var 35 millionar kroner. Disposisjonsfondet ved utgangen av 2015 var på 181 millionar kroner (14% av driftsinntektene). Årsresultatet og utviklinga blir grundig gått gjennom i kapitlet «Årsresultat»

Nøkkeltal mill kroner	2011	2012	2013	2014	2015
Driftsinntekter mill kroner	1 022,7	1 116,7	1 186,6	1 226,0	1 296,3
Driftsutgifter	-945,0	-1 021,0	-1 141,0	-1 195,0	-1 243,0
Netto finanspostar	-3,0	-5,0	-4,0	-6,0	-18,0
Netto driftsresultat mill kroner	74,0	90,1	84,2	71,4	85,8
Innbyggjartal ved utgangen av året	17 244	17 635	18 115	18 528	18 591

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter



## Kva går pengane til – og kor kommer inntektene frå?



Oversikta syner at skattar og rammetilskott utgjer om lag to tredelar av driftsinntektene.

Tenesteområda for helse og sosial og opplæring og kultur står for om lag 40% kvar av de totale utgiftene.

## Samfunnsutvikling

Hå har hatt ei raskt veksande befolkning, og kommunen har ei omfattande utbygging av både tettstader, næringsareal, fritidsbusetnad og andre anlegg som er viktige for samfunnet. Det er stor etterspurnad etter areal, og konkurransen om arealbruken mellom dei ulike interessene er aukande. For Hå kommune dreier det seg om å ta sin del av den forventa veksten i regionen, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

*Hovudmål for samfunnsutviklinga:*

- Legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

*Overordna strategiar for å lukkast:*

- Detaljere langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk.
- Konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.
- Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.

## Kommuneplanen

Hå kommune har utarbeidd kommuneplan for ein periode med historisk høg vekst. Høg vekst skapar store endringar og legg press på kommunen sine økonomiske ressursar, og på miljø og areal i tettstadene. Kommuneplanen handlar om kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode. Planen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggast til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen.

Kommuneplanen bygger på ein langsiktig arealstrategi som tar sikte på å detaljere langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Nærbø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innafor det området som i regionalplan for Jæren er karakterisert som kjerneområde landbruk. Forventa folkevekst, fortettingspotensiale og arealbehov er vurdert i eit 40-års perspektiv og utgjer grunnlaget for fullføring av tettstadsgrensene. Langsiktig grense mot landbruket vil vere ei av dei viktigaste rammene for å styre arealbruken framover.


Hovudmålet med planarbeidet er å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takle framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast. Det blir sett som avgjerande at fortettings- og transformasjonsdelen blir verande høg samtidig som kommunen sitt bustadprogram tar sikte på å dreie mykje av veksten mot Stokkalandsmarka. Bustadbygginga skal skje gjennom fortetting, transformasjon og høg arealutnytting innanfor langsiktig tettstadsgrense mot landbruket. Det skal i fortettinga leggast sterk vekt på å oppnå gode bumiljø, i form av trafikktrygge løysingar, tilgang til fri- og leikeareal og estetisk gode løysingar. Til grunn for dette er det lagt at trafikkauka denne utbygginga vil medføre delvis kan løysast ved at trafikken kan leiast ut på eit overordna vegnett utanom tettstadene samtidig som jernbanen utgjer ryggraden i kollektivsystemet på Jæren. Ei vidareføring av dobbeltsporet og flytting av jernbanestoppet på Brusand kan bidra til å løyse bustad- og transportbehovet i kommunen, samtidig som det kan bidra til langsiktig vern av prioriterte landbruks-, natur- og kulturvernområde.

## Befolkningsutvikling

Folketalet i Hå nådde 18 591 ved årsskiftet etter ein vekst i 2015 på 63, noko som tilsvara 0,3%. Veksten er vesentleg lågare enn dei føregåande åra, på grunn av høg negativ nettoinnflytting.

Sidan midten av 2000-talet har Hå opplevd ein svært høg folkevekst, og vi runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Folkeauken har vore spesielt høg dei siste 5 åra til 2014. Frå 1. januar 2010 til 31. desember 2014 auka folketalet med 2 186 personar. Folkeauken svarta til om lag 2,5% eller gjennomsnittleg 437 personar i året. Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot. Det er nå enkelte teikn som tyder på at denne veksten går noko ned.

### Befolkningsutvikling, folkemengd 1. januar 1964 – 2016



### Lågaste befolkningsvekst sidan 1995

Folketalet i Hå vaks med 63 i fjor. Dette var 350 lågare vekst enn i 2014 og den lågaste sidan 1995.

### Folkemengd og endringar 2011-2015


	2011	2012	2013	2014	2015
Folketalet 1. januar	16 822	17 244	17 635	18 115	18 528
Fødde	311	284	284	286	261
Døde	104	96	115	112	98
Fødselsoverskot	207	188	169	174	163
Innvandring	336	324	294	294	225
Utvandring	66	62	80	87	112
Innflytting, innalands	741	695	832	781	661
Utflytting, innalands	789	754	737	750	869
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	222	203	309	238	-95
Folkevekst	422	391	480	413	63
Folketalet ved utgangen av året	17 244	17 635	18 115	18 528	18 591
Folkevekst i %	2,5	2,3	2,7	2,3	0,3

### *Innanlandsk flyttetap i Hå*

I Hå var det innanlands nettoutflytting, det vil seie at det flytta fleire ut til dei andre delane av landet enn det flytta folk inn frå resten av landet. I Hå vart ein innanlands flyttingevinst på 31 i 2014 til eit flyttetap på 208 i 2015. Dette har antakeleg samanheng med endringane ein har sett i arbeidsmarknaden i seinare tid.

Nettoinnvandringa frå utlandet var på 113 personar i 2015. Nettoinnvandringa frå utlandet vog ikkje opp for eit innanlands flyttetap på 208 personar, og nettoinnflyttinga enda med 95 fleire personar som flytta ut av kommunen enn inn. Folketalet vaks i Hå, men utan fødselsoverskotet ville folketalet ha gått attende.

### *Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folkevekst*




### *Fødselsoverskot på same nivå*

261 born vart fødde i 2015, mest like mange som året før. Dette er 50 færre enn i toppåret 2011, men ligg på same nivå som i dei siste åra. Det døydde 98 personar i 2015, noko som var 14 personar færre enn året før. Fødselsoverskotet på 163 personar var 11 personar lågare enn i 2014.

### Stabil aldersfordeling

Aldersfordelinga i befolkninga held seg stabil. Ved årsskiftet var 9% av alle busette i Hå barn under 6 år, mens 14% var 6 til 15 år og 6% 16 til 19 år. 60% av dei busette i Hå var i alderen 20 til 66, mens 8% var i alderen 67-79 år. Dei på 80 og eldre utgjorde 3% av folkemengda.

Folkemengd, etter alder 31. desember 2011-2015



### Størst auke i talet på skulebarn

Talet på 0 til 5-åringar minka med 63 frå 2014 til 2015, frå 1829 til 1766. Talet på barnehagebarn minka, mens talet på skulebarn auka. Det var auke i talet på barn i alderen 6 til 15 år på 81 personar frå 2014 til 2015, medan det var ein nedgang i personar i aldersgruppa 16 til 19 år på 33 personar. Store svingingar mellom enkeltår for desse aldersgruppene er normalt. Det var ein vekst i den yrkesaktive delen av befolkninga på 10 personar. Talet på eldre mellom 67 til 79 år har auka med 59 personar, mens talet på personar 80 og 89 år har auka med 11 personar. Gruppen over 90 år har minka med 2 personar.

## Folkemengd og befolkningsendringar i Hå, Klepp og Time

	Hå	Klepp	Time
Folketalet 1. januar	18 528	18 741	18 306
Fødde	261	266	247
Døde	98	92	102
Fødselsoverskot	163	174	145
Innvandring	225	169	156
Utvandring	112	88	97
Innflytting, innalandsk	661	1 034	1 046
Utflytting, innalandsk	869	1 063	984
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	-95	52	121
Folkevekst	63	229	266
Folketalet ved utgangen av året	18 591	18 970	18 572
Folkevekst i %	0,3	1,2	1,5

Folketalet vaks i Hå, Klepp og Time i 2015, men veksten var lågare enn i 2014. Time og Klepp hadde klårt størst folkevekst, med ein vekst på 266 og 229 (noko som tilsvara 1,5% og 1,2 %). Samla sett hadde Time og Klepp også ein lågare vekst i 2015 enn året før. I Time og Klepp er veksten i folketalet fordelt mellom nettoinnflytting og fødselsoverskot, medan det i Hå er fødselsoverskotet som er årsaka til veksten.

## ***Arealutvikling***

### *Arealplan*

Arealplanar er viktige reiskap til å styre utbygging, utnytting og vern av kommunens areal. Arealplanavdelinga utarbeider og saksbehandlar kommunale arealplanar i samsvar med kommunens utbyggingsstrategi og politiske prioriteringar. Tilsvarande er det viktig å gjennomføre ei rask og effektiv saksbehandling av private planforslag i dialog med utbyggjar, innbyggjarar og andre offentlege etatar. I ein kommune i vekst er det viktig å legge stor vekt på å utforme omgjevnader med gode bumiljø. Ei særleg utfordring ligg i få god kvalitet på dei mange fortettingsprosjekta.

### *Næring*

Ein av dei viktigaste føresetnadane for ein aktiv næringspolitikk, er at det er tilgang på byggeklare næringstomter. Ofte er det slik at nyetablerarar ønskjer byggeklare tomter på relativt kort sikt og ikkje har tid til å vente på ein lang og usikker plan- og byggeprosess. I kommuneplanen er det avsett næringsareal for perioden fram til 2028.

Det er også i ein eigen tabell gitt reglar for kva type næring/industri som kan tillatast innfor dei enkelte områda, for eksempel at Kviamarka skal reserverast for nærings-middelindustri. Mens Regionalplan for Jæren har peika ut Sirevåg som eit regionalt næringsområde, har kommunestyret vedtatt at kommunen skal satse på Skoga nærings-område i Sirevåg som kommunens viktigaste industriområde for åra framover. Både på Skoga, i Nylund og i Sirevåg hamn er det ledige næringstomter. Planarbeid for tilrettelegging av nye næringstomter i Stokkalandsmarka, Tjemslandsmarka og Krusemarka har pågått over fleire år og ser nå ut til å resultere i at det også her kan bli tilgang på nye tomter i 2016/2017.

### *Bustad*


Ein vesentleg del av bustadutbygginga i kommunen skjer i dag i privat regi. Utbygginga av Rosk, Motlandsenga, Bratlandsmarka og Skoga er alle feltutbyggingar gjennomført av private aktørar, der utbygginga skjer i samsvar med reguleringsplanar og utbyggingsavtalar godkjent av kommunen. Ein vesentleg del av bustadbygginga skjer også i ulike fortettingsprosjekt. For desse inneheld den nye kommuneplanen reglar (føresegner) som stiller tydelege krav til plan og kvalitet.

I kommuneplanen er Stokkalandsmarka utpeika som kommunens hovudsatsingsområde for bustadbygging. Dette vart i 2015 følgt opp med at reguleringsplan for eit område med 330 nye bustadar vart godkjent og det første feltet i dette området med 32 einebustadtomter vart klargjort for utbygging. Kommunen har også inngått kjøps- og opsjonsavtalar for nye utbyggingsområder som vil gje kommunen tilgang til opparbeiding av nye byggefelt i mange år framover.



## Syssetting

Tallene per 31. desember 2015 viser den høgaste delen arbeidsløysa som har vært i Hå kommune dei siste 10 åra (figur frå NAV).



Tala viser ein markant oppgang i arbeidsløysa. Det bekymringsverdige i dette er auka i arbeidsløysa i aldersgruppa 25 -39 år. Når personar i denne aldersgruppa mister jobben kan det få konsekvensar for mange familiar i etableringsfasen. Likevel er det fortsatt slik at mange av dei norske arbeidssøkarane finn nytt arbeid relativt raskt, så mange som 55% av dei ledige finn nytt arbeid innan 3 månader. Vi er uroa over auken i permitteringsvarsel. Samtidig er dette eit alternativ til oppseiingar i fleire bransjar nå. Den største utfordringa er gruppa 16-29 år der 40% bare har grunnskole eventuelt 1 år på vidaregåande skule. Vi ser at det er store vanskar med å skaffe seg anna arbeid når ein manglar fagutdanning. Dei fleste langtids arbeidsledige i dag er EØS – borgarar og dei har ikkje økonomiske rettar når dagpengeperioden er over. Trenden er at mange reiser heim.

## Flyktningsesituasjonen

Fleire flyktingar og asylsøkarar kan potensielt bli ei belastning for kommunen sitt tenesteapparat og samstundes utfordre sosiale strukturar i lokalsamfunna. På kort sikt vil kommunen måtte hjelpe med førebels busetting og helsetenester. På lengre sikt vil det vere trong for auka satsing på integrering, språkopplæring og oppfølging av busette.

Det er ei utfordring at fleire av dei som kommer til kommunen med flyktingstatus ikkje blir integrert godt nok til å klare seg sjølv. Arbeidet med å løyse utfordringane knytt til busetting, språkopplæring og vidare kvalifisering til arbeidslivet bør derfor intensiverast.

## Viktige hendingar i 2015

### 01/ JANUAR

**Jæren everk**, heileigd av Hå kommune, var 100 år den 27. januar 2015.

### 02/ FEBRUAR

**Hå kommune** blir utnemnd til Rogaland sin **kulturkommune** 2015 av Norsk kulturforum Rogaland. Dette er andre gong for Hå kommune og første gong at ein og same kommune blir utnemnd to gonger. Breidda i kulturtilbodet og kommunen si satsing på å nå breitt ut med tilboda sine har vore viktig for komiteen, til dømes bevisst satsing på å nå ungdom og innvandrarar. Også samarbeidet kommunen har med det breie frivillige organisasjons- og idrettslivet har vore viktig for vurderinga.

Kommunen etablerer **ny grafisk profil** og får sammen med ny visjon *me løfter i lag* og verdiane open, driftig og stolt ein heilskapleg og tydeligare profil.

### 03/ MARS

Fyrste spadestikket ble teken på feltet som skal innehalda 330 nye bustader i **Stokkalandsmarka**. Kommunestyret har ved flere anledninger gjort vedtak om at det alltid skal være byggeklare boligtomter for salg i Stokkalandsmarka. Da det viste seg at salet av tomter i Stokkalandsmarka nord gjekk mykje raskare enn salet i tidligare felt, ble det i 2012 starta reguleringsplanarbeid for eit nytt område.

### 04/ APRIL

Hå kommune blei tildelt **europaisk utmerking for godt styresett**. Utmerkinga blir sett på som ei anerkjenning til demokratistandarden i eige kommune. Eit godt lokaldemokrati er ein viktig føresetnad for det lokale sjølvstyret. Noko av det som er lagt vekt på ved tildelinga er godt politisk leiarskap, openheit, god økonomistyring og innbyggjartilfredsheit. Det var 8 kommunar som fekk denne prisen.

Pris for «**Årets turbokommune**» under Ungdommens kulturmonstring Rogaland vart tildelt Hå kommune og blei delt ut for godt arbeid med kulturmonstring gjennom året.

### 05/ MAI

Kommunestyret vedtok å ta imot inntil 3 einslige mindreårige **flyktingar** slik IMDI oppmodar om. Det anbefalast at vi enten tar imot 3 personer som får plass i fosterheim eller får 3 personer som kan bo i et bufellesskap som blir oppretta til føremålet.

### 06/ JUNI

Etter ein lang prosess om framtida for **Vigre skule** vedtok kommunestyret den 7. juni endeleg å legge ned Vigre Skule frå 1. august 2016. Parallelt med denne saka blei også endringar i Nærbø-krinsen vedtatt.

## 07/ JULI

Saman med Sirevåg velforening inviterte Hå kommune heile regionen til Sirevåg i anledning «**The Tall Ships Race**». Fire store skuter besøkte Sirevåg denne flotte sumardagen saman med nærare 10.000 menneske. Skuleskipet Sørlandet, dei to nederlandske skutene Morgenster og The Gulden Leeuw og den russiske skuta Shtandart skapte ei historisk ramme om ein dag vi kommer til å huske lenge.

## 09/ SEPTEMBER

Kommunestyret seier ja til å gå vidare til fase 2 i **kommunereformen**. Det vil sei å gjennomføre «nabopratt» med jærkommunane Klepp og Time hausten 2015. Ordførar, varaordførar og leiar av det største opposisjonspartiet går inn i styringsgruppa for prosjektet. Det vert lagt til rette for Intensjonsavtale, høyring og folkeavstemming våren 2016.

**Kommunevalget** i Hå blei for første gang gjennomført med valgdeltaking for 16- og 17-åringar. Saman med 19 andre kommunar i Norge var Hå med på ei prøveordning om nedsett stemmerettsalder ved kommunevalget.

**Kommunedagen** blei arrangert for alle medarbeidarar og politikarar i Hå kommune i tillegg til ansatte i Jæren Everk. Tema var Verdibasert kommunikasjon, felles identitet og mål om vårt samfunnsoppdrag.

## 10 / OKTOBER

På konstituerande kommunestyremøte den 22. oktober blei nytt kommunestyre vedtatt i tillegg til **ny ordførar Jonas Skrettingland (KrF)** og ny varaordførar Mons Skrettingland (H). Leiar for utvala blei Andreas Bjorland (Krf) for Tekniske saker og næring, Wibecke Natås (Ap) for Opplæring og kultur og Tor Rune Gudmestad (NI) for Helse og sosialsaker

## 11/ NOVEMBER

**Barn og unges kommunestyre** blei gjennomført med engasjerte ungdomar frå heile kommunen. Nytt garderobeanlegg for dei tilsette i **Pytten** blei opna.

## 12/ DESEMBER

Dei to midlertidige barnehagane Nærlandsparken og Loen flytter inn i nye **Motlandsmarka barnehage** på Nærbø.

Etablering og organisering av nytt **servicetorg** er på plass med medarbeidarar og ny leiar for å møte innbyggjarane på ein ny, meir digital og profesjonell måte.

Kommunestyret vedtek å ta imot 40 nye flyktningar i 2016. Allereie i januar 2016 blei det vedtatt å auka dette til 55. Av dette er det 10 **einslig mindreårige** mellom 16 og 18 år og inntil 7 einslig mindreårige under 15 år gitt at Bufetat skaffar nok fosterheimar

# Slik styrer vi

*I dette kapitlet omtalar vi korleis vi arbeider i kommunen, kvem som styrer og korleis vi følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutiner bestemmer. Vi omtalar også kven vi er og korleis det er å arbeide her.*

*I 2015 har vi betra arbeidsmåtar og –miljø på mange vis. Endringar er gjort i organisasjonen, på måten vi møter innbyggjarane, vi har gjort medarbeidarundersøking og rådmannen er spesielt godt nøgd med at sjukefråværet er lågare enn i 2014.*

## **Kommunen**

Kommunestyret er det øvste styrande organ i ein kommune. Dei viktigaste styringssignala blir gitt når budsjett og økonomiplan blir vedtatt. Her blir mål og planar omtalt og det vert sett rammer for ressursbruk på alle områder både med omsyn til pengar og årsverk.

Hovudutvala har ansvaret for gjennomføring av tiltak etter vedtekne planar og økonomiske retningslinjer. Administrasjonen står for laupande drifts- og planleggingsoppgåver. Hå kommune er organisert etter en modell med tenesteområder og staber som rapporterer til rådmannen.

Oppfylgning av denne modellen forutset delegering som i alle tilfelle skjer innafor vedtekne økonomiske rammer. Forutsettinga er likevel at utforminga av politikken i hovudsak skjer på overordna nivå i formannskap og kommunestyret. Hensikta med delegasjonsreglementet er å legge betre til rette for overordna økonomisk styring, klarare ansvarsdeling mellom ulike folkevalde organ og mellom politisk og administrativt nivå samt effektiv ressursutnytting.

Rådmannen delegerer vidare internt i administrasjonen gjennom interndelegeringsreglementet.

## **System og organisering**

Rådmannens leiargruppe består av dei tre kommunalsjefane, personal- og organisasjonssjef og økonomisjef. I tillegg rapporterer leiar for politisk sekretariat, eigedomsavdeling, IT og dokumentsenter til rådmannen. Alle har ein leiaravtale som avklarar forventningar, resultat- og utviklingsmål. Desse skal implementerast i heile organisasjonen i 2016.

For å styrke arbeidet med å få god styring og kontroll på drift og investering av dei mange eigedomane i kommunen blei det i 2015 tilsett ny eigedomsjef. Dei største prosjekta i 2015 var ferdigstilling av Motlandsmarka barnehage, bygging av Bø skule og rehabilitering av Rådhuset. Dei to siste prosjekta blir ferdige i 2016.

Alle arkivfunksjonar er samla i dokumentsenteret og all kontakt med innbyggjarane går gjennom det nye Servicetorget som blei opna i desember 2015. Alle som arbeider innanfor personal- og organisasjon er nå organisert sentralt. Vi har tilsett ein person som er digitalt medieansvarlig med særskilt ansvar for digital informasjon med innbyggjarane. Dette er mellom dei grep som er gjort for å arbeide meir effektivt og gje betre service til innbyggarane.

## Etikk og antikorrupsjon

Kvalitetssystemet Compilo er og varslingsystem for varsling av kritikkverdige tilhøve i verksemda. Føremålet er å gi kjende, trygge og lovlege rammer for intern varsling, og samstundes byggje ein kultur tufta på eit ønskje om openheit.

Arbeidet med nye etiske retningslinjer er starta og skal gjerast ferdig i 2016.

Eit døme på at verksemda driv ope og etisk er slik innkjøpsprosessen blir gjennomført. Det blir lagt stor vekt på at alle innkjøp blir gjort slik lover og føresegner fastset. Dette sikrar opne prosessar og lik handsaming av alle tilbydarar.

## Slik arbeider vi (forvaltningspraksis)

### *Offentlegheit*

- Møteinnkallingar, saksutgreiingar og protokollar er tilgjengelige på kommunen sine nettsider.
- Kommunestyremøta blir overført på internett.

### *Tilgjengelegheit og brukarorientering:*

- Nettsidene er vurdert til ikkje å være gode nok. Det arbeidast med nye nettsider – planlagt ferdig våren 2016.
- Universell utforming/grafisk profil vert nytta.
- Etablering av servicetorg.
- For lite bruk av brukarundersøkingar.

### *Politisk styring og kontroll*

- Kommunen har ein tydelig visjon og klare verdiar.
- Delegeringsreglement frå politisk til rådmannen og vidare internt.
- Der er ryddige og klare linjer i samspelet mellom politikk og administrasjon.
- God samanheng mellom politiske ambisjonar og tilgjengelege ressursar.
- Årshjul med kafedialog i samband med framlegging av budsjettet.
- Manglar tydelege resultatindikatorar i styringsdokumenta og i den strategiske dialogen om resultatata . Nytt system med tilhørande elektronisk verkty er planlagt innført i 2016.

### *Leiarskap, ansvar og delegering*

- Synlig og tydelig rådmann.
- Leiarforum med alle leiarar og dei fem hovudtillitsvalde.
- Leiarutviklingsprogram i samarbeid med eksterne partnarar.
- Leiaravtalar er utarbeidd og innførast for alle leiarar i 2016.
- Brei delegering – system for framføring av meir- /mindreforbruk.
- Det vert gjennomført jamlege dialogmøter med dei hovudtillitsvalde.

### *Resultat og effektivitet*

- Følgjer KOSTRA.
- Har (og har hatt) god økonomi og –styring over tid. Det vert likevel arbeidd med å vidareutvikle økonomiplan og årsmelding for å gje god styringsinformasjon til politikarane og andre.
- Følgjer opp avvik, men liten fokus på resultat – meir på tiltak.
- Manglar tydelig strategi for resultatstyring og effektivitet.
- Manglar oppdatert IT strategi.

### *Kommunen som arbeidsgjevar*

- Vidareutviklar medarbeidersamtaler og bruken av desse .
- Opplæringsplaner med egne budsjett.
- Kompetanseutvikling i skule/barnehage.

### *Kommunen som samfunnsutviklar*

- Gjeldande kommuneplan vart godkjent i desember 2014.
- Hå kommune er kjent for innsatsen på kultur- og idrettsområda.
- Bustads- og næringsutvikling (spesielt fokus mat/landbruk).
- Meir samarbeid med frivilljuge har fokus framover, særleg innanfor helse og for å få til god integrering av flyktningar.



*Bilete frå Kommunestyresalen i Rådhuset. Foto: Tord Paulsen.*

# Styringsystem

## Planstrategi

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i desember 2014. Denne har mål og strategiar for alle (sentrale) delar av kommunen si verksemd.

I 2016 skal det utarbeidast ein ny planstrategi som gjev føringar for kva for planar som skal utarbeidast eller reviderast. Denne strategien er eit viktig verkty for å sikre ei samla prioritering av alle plandokument i kommunen og vil ta omsyn til endringar i samfunnet rundt oss.

## Kommuneplanen

Kommuneplanen har to deler – ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen omhandlar kulturlandskapet, visjon, mål og strategiar, framskrivingar (befolkningsvekst), kva som skal til for å ha gode bu- og næringsmiljø, sysselsetting og næringsliv, klima og energi, kommunal beredskap, kommuneorganisasjonen og omtale og mål for dei kommunale tenestene.

Arealdelen omhandlar føresetnader og arealbehov, areal og utbyggingsstrategiar, føresegner og retningslinjer.

## Økonomiplan og årsbudsjett

Den 4-årig økonomi-planen er kommuneplanen sin handlingsdel. Det blir utarbeidd planar for verksemda ut frå rammene i vedteke handlingsprogram (årsbudsjett). Det skal leggest vekt på rammestyring og utstrekt grad av delegering.

## Årsmelding/årsrekneskap

Det skal utarbeidast årsmelding/årsrekneskap med resultatvurdering ut frå plan for verksemda som er sett opp i årsbudsjettet. Dette er det dokumentet du nå les.

## Meir om mål og resultatstyring

Dei økonomiske målsettingane som er definert i kommuneplanen er nådd også i 2015. Driftsresultatet blei 6,6%, målet var et driftsresultat som var høgare enn 1,5%. Det gode resultatet gjer at ein også i 2015 har sett av pengar til fond. Å bygge fond er viktig for å sikre handlefridom og for at ikkje etterkomarane skal betale for det dagens politikarar vedtar.

Kommunestyret får rapport kvart tertial om status i kvart tenesteområde, i sentraladministrasjonen og på finansområdet. Desse kan gje grunnlag for budsjettjusteringar.


Der manglar eit heilskapleg system for verksemdsstyring. Som første steg vil rådmannen i 2016 ha formelle gjennomgangar med tenesteområda med fokus på kva som er oppnådd, ressursbruk og planar/utfordringar vidare. I 2017 vil eit elektronisk system være på plass med systematisk oppfølging på fleire fokusområder. Slik vil ein sikre at strategiar vert omsett til handling og at konkrete resultatmål blir satt og følgt opp.

## Internkontroll

For at arbeidet i kommunen skal kunne løyse oppgåvene sine på rett vis er to ting viktige: For det første å utarbeide system og rutinar for korleis oppgåvene skal utførast eller løysast. For det andre må der være på plass system for etterkontroll og handtering av avvik. Den mest effektive måten å løyse oppgåvene på er å gjere ting rett første gong. Dette betyr at ein tek riktige avgjerder med rett ressursbruk.


Hå kommunen har fleire system for internkontroll. Det digitale hovudsystemet for kvalitets- og avvikshandtering heiter Compilo. Alle tilsette har tilgang til og skal nytta dette. I tillegg har tenesteområda eigne fagsystem for handtering av prosedyrar, rapportar, og anna. Gjennom året blir det arbeidd systematisk med internkontroll både i tenesteområda og i sentraladministrasjonen.

I 2015 blei det meldt inn til saman 329 avvik i Compilo. Dette gjer uttrykk for ein kultur kor den einskilde tilsette er kjend med prosedyrar og tek ansvar for at dei blir brukt rett. Avvik blir meldt innan kategoriane «HMS», «organisatorisk/internt» og «teneste/brukar».



*Figuren syner meldte avvik innanfor dei tre hovudkategoriane.*

*Alvorsgraden er bestemt av den tilsette eller leiaren som meldar avviket.*



*Innanfor HMS er det fem kategoriar: «arbeidsmiljø», «nesten-uhell», «uluke», «vald/truslar» og «ytre miljø».*

*Figuren til venstre synar fordelinga på desse kategoriane og alvorsgraden.*

Av dei 129 HMS-avvika som blei meldt i 2015 var alle lest av overordna leiar, og 125 handert og lukka. Berre 4 avvik stod under behandling ved årsskiftet.



Informasjonshandtering er ein viktig del av internkontrollarbeidet i ein kommune. For å gje gode og riktig tenester må mykje personsensitiv informasjon handteras rett. Eit eige prosjekt analyserte tilhøva i 2015 og prosjektet vil bli følgt opp i det komande året. Området må styrkas og målsettinga er at alle nødvendige prosedyrar skal vere på plass i løpet av 2016.


## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. De har eige administrasjon som er uavhengig av kommunen sin administrasjon. Oppgåvene deira knyter seg både til løypande tilsyn med forvaltninga (drifta), revisjon, rekneskap og internkontroll, forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar. Dei har eige budsjett og lagar ei eiga årsmelding.

I 2015 blei to forvaltningsrevisjonar handsama, barnevern og jordvern. Tilrådingane frå desse revisjonane blir handsama i kommunestyret og iverksetting av tiltak blir gjort i tenestemråda. Kontrollutvalet følgde opp forvaltningsrevisjonsrapportar som omhandla Beredskapsplanar og Oppfølging av politiske vedtak. Vidare blei rapport om selskapskontroll av Lyse Energi AS fulgt opp.

## Årshjul

Kvart år blir det gjennomført ei rekke styringsprosessar. Desse kan visast i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar fasast inn i høve til kvarandre politisk og administrativt. I tillegg er der lagt inn aktiviteter som finner sted kvart fjerde år etter val.



## Personal og organisasjonsutvikling

Kommuneplanen slår fast at den overordna målsettinga for personalpolitikken skal vere å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft. I 2015 har personal- og organisasjonsavdelinga søkt å bidra til dette målet ved mellom anna å satse kraftig på inkluderande arbeidsliv (IA), planleggje og drive leiarsamlingar og -utvikling, tilby tett leiarsøtte i mange enkeltsaker, og arbeide vidare i eit godt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar på ulike områder.

I året som gjekk blei personalressursane i verksemda samla til ei eining ved at tre tilsette som tidlegare har rapportert organisatorisk til tenesteområda, men fagleg til personal- og organisasjonssjefen, nå alle er samla i Sentraladministrasjonen. Den nye personal- og organisasjonsavdelinga står betre rusta til å sikra eins praksis i heile kommunen og til å gje leiarsøtte innanfor kjerneleveransar som rekruttering og tilsettingar, inkluderande arbeidsliv (IA) og HMS-arbeid, utviklingsprosessar, personalsaker, forhandlingar og anna.

### Tal på tilsette og årsverk


Ved årsskiftet var talet på fast tilsette 1537 samanlikna med 1513 i 2014 og 1462 i 2013. Samstundes utgjorde årsverka for desse tilsette 1145,42 mot 1124,92 i 2014 og 1082,17 i 2013.

Fast tilsette og årsverk	2012		2013		2014		2015	
	Tils.	Årsverk	Tils.	Årsverk	Tils.	Årsverk	Tils.	Årsverk
Sentraladministrasjonen	27	24,85	26	24,25	28	26,45	32	30,95
Opplæring og kultur	701	566,67	704	577,94	739	605,60	753	610,96
Helse- og sosialsaker	644	417,42	654	429,04	670	441,64	676	450,88
Tekniske saker og næring	86	50,03	88	50,94	88	51,23	88	52,63
<b>Total</b>	<b>1446</b>	<b>1058,97</b>	<b>1462</b>	<b>1082,17</b>	<b>1 513</b>	<b>1124,92</b>	<b>1537</b>	<b>1145,42</b>

Tala syner tilsette der kommunen har eit fast arbeidsgjevaransvar, og er medrekna dei som f.t. er i permisjon og brannmannskap i 0,96 % stilling.

Talet på fast tilsette har auka med 1,6 % samanlikna med det føregåande året, og delen kvinner ligger stabilt på 81,6%.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik har auka til 76,9%. Det er 43,6% av dei fast tilsette som har full stilling, mot 40,6% i 2014 og 36,0% i 2013. Det er om lag 70 tilsette som har redusert stillingsstorleika si ved å søkje om deltidspolisjon i høve arbeidsmiljølova og velferdsreglar. Dette aukar talet på tilsette og vikarar som må arbeide deltid, samtidig som det for nokre gjer anledning til å arbeide meir enn den faste stillinga synar. Erfaringa tilseier at det er særskild mange blant dei med naudsynt høgskulekompetanse som aktivt søker redusert stillingsstorleik.



Fordelinga av tilsette i ulike aldersgrupper er ganske lik. Likevel er 25% av dei tilsette i 30-åra, mens berre 11% er over 60 år. Dei neste fire åra vil 134 tilsette ha rett til å ta ut AFP. Delen tilsette som nyttegjer seg av dette er likevel låg.

Kommunen arbeidar for å halde på seniorar og den kompetansen dei har.

## Kompetanseheving og rekruttering

Årleg utarbeidast ein opplæringsplan i Hå kommune. Planen tek innover seg det nåverande og framtidige kompetansebehovet i verksemda. Målsetninga med planen er å sikre høg kvalitet på tenestetilbodet, vidareutvikle ei lærande og omstillingsdyktig verksemd, motivere og myndiggjere dei tilsette og byggje eit godt omdøme. Dei tilsette sine organisasjonar er ein viktig del av utviklingsarbeidet i kommunen.

I 2015 har ein satsa særskild på leiarar i Hå kommune. På fire årlege halvdags-samlingar under namnet «Leiarforum» samlast om lag 80 leiarar og tillitsvalde til fagleg påfyll, oppdatering med pågåande prosessar, og utviklingsarbeid. På samlingane har ein til dømes arbeida fram verdiane Open – Driftig – Stolt, fokusert på inkluderande arbeidsliv (IA), presentert budsjett, og mykje anna. Kommunen har og sett i verk eit heilskapleg leiarutviklingsprogram for 30 leiarar. Programmet er oppdelt i seks enkeltstående samlingar og/eller bolkar og har som samla siktemål både å utruste den einskilde leiar, og å nytte denne kunnskapen i utviklingsprosjektar ved einingane til desse leiarane.

Hå kommune held fram satsinga i «LINK Jæren» - eit samarbeid mellom offentlege og private arbeidsgjevarar i Hå, Time og Klepp kommunar, med ei målsetting om å profilere Jæren som både bustad og arbeidsplass. Også i Jærskulen er Hå kommune aktive, fagleg så vel som med ein strategisk arbeidsgjevarprofil.

Framleis er det fleire universitets- og høgskulegrupper som det er vanskeleg å rekruttere. Lærarar, barnehagelærarar, ingeniørar, og ulike fagpersonar med leiarerfaring. Mange tilsette i barnehagane tek nå utdanning som på sikt vil bidra med naudsynt kompetanse. Tilhøva i oljenæringa bidreg til ei generell auke i talet på søkjarar til mange stillingar, men erfaringa til mange av desse søkjarane er ofte ikkje relevant.


## Medarbeidarundersøking

Hå kommune gjennomfører ei medarbeidarundersøking anna kvart år. Hensikta med undersøkinga er å kartleggje tilsette si oppleving av eigen arbeidskvardag, og å skape eigarskap til arbeidet med å utvikle arbeidsmiljøet. I 2015 utvikla KS i samarbeid med BI medarbeidarundersøkinga «10-faktor» som eit verktøy tilgjengeleg i Kommuneforlaget si

«Betre kommune»-serie. Den nye undersøkinga er utvikla spesielt for å vere ei kort og målretta undersøking som rettar fokus på faktorar som både er viktige i dei tilsette sin arbeidskvardag, men samstundes som det er mogleg å gjære noko med og å utvikle i fellesskap.


Undersøkinga inneheld ti faktorar med 36 påstandar og det er svart på ein såkalla «Likert-skala» frå 1 til 5. Faktorane i undersøkinga er oppgåvemotivasjon, mestringsstro, sjølvstende, bruk av kompetanse, mestringsorientert leiing, rolleklarhet, relevant kompetanseauke, vilje til fleksibilitet, mestringsklima og nytteorientert motivasjon.

Undersøkinga blei gjennomført blant kommunens tilsette i november. Samla svarprosent for kommunen er 72%, noko som er svært godt. Kvar leiar får resultat for eigen eining i form av ein kortfatta og enkel rapport som grafisk synar snitt og svarfordeling. For å sikre anonymitet er det likevel ei nedre grense på fem respondentar for å få ut resultat for eigen arbeidsplass.



*Svarprosent totalt og fordelt på tenesteområde*

Resultata for kommunen synar at Hå kommune ligg på nivå med eller høgare enn snittet for landet på alle variablar.




*Planlagde svar var 1603. Det kom samla inn 1162 svar.*

Det er utarbeida eiga arbeidsbok som vegleiing og anbefaling for vidare arbeid med og oppfølging av resultatata ved den einsskille eining.

## Lønsforhandlingar

I 2015 var det tariffjustering mellom dei sentrale tariffpartane, og lokale lønsforhandlingar for leiarar og akademikarar (Hovudtariffavtala kapittel 3 og 5). Grunna overheng og «gliding» stod ikkje meir enn maksimalt 2,78 % datolønsvekst igjen til lokale forhandlingar etter ei tariffjustering i kapittel 4 på 3,2%. Med små resterande ramar ble dei lokale partane einige om å gje alle tilsette som var omfatta av forhandlingane eit tillegg på 2,5% og likevel minst 15.000,- kronar. Unntaket var nyrekrutterte tilsette som i avtala si allereie var sikra ei konkurransedyktig løn. Kommunen kom til einighet med alle dei tilsette sine organisasjonar. Resultatet var likevel eit kompromiss for partane og fleire organisasjonar har varsla behovet for særskilde prioriteringar under forhandlingane i 2016.

## Likestilling



Hå kommune har likelønsprinsipp for kvinner og menn. Verksemda lukkast med målsetninga om å jamt auke stillingsstorleiken til dei tilsette.

Stillingsstorleika for kvinner har auka til eit snitt på 75,0%. Dette er likevel ikkje medrekna ekstraarbeid eller ønska redusert stilling, og inneber at den reelle stillingsstorleika er


høgare. Blant dei som har ønska redusert stilling er det tilnærma berre kvinner.

For menn er stillingsstorleiken i snitt 86,0% (87,2% i 2014 og 85,5% i 2013) viss ein ikkje reknar med brannmannskap. Medrekna brannmannskap er tala for menn 76,7% mot 77,2% i 2014 og 75,5% i 2013. Blant dei 73 mellomleiarane i kommunen er det 47 kvinner og 26 menn. I rådmannens leiargruppe er det no fire kvinner og to menn.

## Inkluderande Arbeidsliv (IA) og HMS

I 2015 retta ein særskild fokus mot IA-arbeidet i verksemda. Det har mellom anna blitt satsa på leiaropplæring, samarbeid med NAV, avklaring i enkeltsakar med langvarig og/eller kronisk sjukdom, haldningsarbeid, og blitt starta opp eit særskilt prosjekt i barnehagane. Det samla sjukefråværet for Hå kommune blei i 2015 6,7%3 mot 7,7% i 2014 og 6,8% i 2013. Det legemeldte fråværet i Hå var på 5,7% mot 6,7% i 2014 og 5,7% i 2013. Den samla nedgangen på eitt prosentpoeng synar både på langtids- og korttidsfråvær. Det eigenmeldte sjukefråværet er uendra.


Figuren under synar samanlikning med nabokommunane, og at Hå i 2015 hadde det lågaste fråværet.



Tabellen syner samla sjukefråvær (eigenmeldt og legemeldt) dei siste fem åra.

Første halvår hadde Hå kommune 6,3% legemeldt fråvær mot 7,2% i 2014 og 6,0% i 2013. Andre halvår hadde kommunen 5,4% mot 6,3% i 2014 og 5,5% i 2013.

Fråværet utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar utgjer 80,5% (82,6% i 2014 og 81,2% i 2013) av det samla legemeldte fråværet. Langtidsfråværet over 40 dagar utgjer 69% mot 68,0% i 2014 og 62,2% i 2013. Eigenmeldingar ligg stabilt på 1,0% (1,0% i 2014 og 1,1% i 2013). Det er 91 enkeltpersoner som står for halvparten av det samla legemeldte fråværet i 2015 (95 i 2014 og 93 i 2013). Det er 14,2% av dei tilsette, mot knapt 15% i 2014, som står for 80% av det totale legemeldte sjukefråværet.



*Grafen synar utviklinga i kort- og langtidssjukefråvær i dei største sektorane dei siste fem åra. Både korttids- og langtidssjukefråvær reduserast frå 2014 til 2015.*

Kommunen fekk tilsagn 485.540,- kroner i førebyggings- og tilretteleggingstilskot frå NAV i 2015.

## **Informasjon, kommunikasjon og involvering**

*Kommunen er til for innbyggjarane og det vert arbeidd på fleire måtar for å engasjere og få innspel frå ulike grupper. Det er viktig at det er lett å koma i kontakt med dei som arbeider i kommunen og etableringa av servicetorget er ein viktig milepæl i dette arbeidet. KLART SPRÅK vil være ei viktig satsing i 2016.*

### **Innbyggjarrådet**

#### *Samansetning og organisering*

Kommunestyret utnemner medlemmene til rådet som vert sett saman av 5 representantar for seniorane, 3 representantar for menneske med nedsett funksjonsevne, 2 representantar frå ungdomsrådet og 2 folkevalde. Ordninga gjeld frå hausten 2011.

#### *Arbeidsoppgåver for innbyggjarrådet*

Lovgrunnlaget for arbeidet i rådet er Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd og Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal i tillegg arbeide for å sikre ungdom medverknad i lokalsamfunnet.

Innbyggjarrådet skal ta del i den kommunale plan- og utviklingsprosessen og skal ha til uttale alle politiske saker som gjeld eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom sine levekår.

Innbyggjarrådet er eit rådgjevande organ og gjer ikkje vedtak på kommunale saksområde. Men uttale frå rådet skal følgje aktuelle saker i prosessen fram til endeleg vedtak i det aktuelle politiske organet. Slik er innbyggjarrådet kommunen sitt formelle organ i samband med brukarmedverknad. Innbyggjarrådet hadde 5 møter og handsama 22 saker i 2015.

Eldrefesten 2015 var på Nærbø samfunnshus med kåseri, musikkinnslag og kveldstankar.

I november var Hå innbyggjarråd var vertskap for temakonferanse for senior- og brukarråd på Jæren. Utgangspunkt for konferansen var utstillinga STØVKRYSTALLER på Hå gamle prestegard. Tema var demens og Alzheimer.

Hå innbyggjarråd fekk i 2015 møtepapir på nettbrett.

### **Ungdomsrådet i Hå (URÅ)**

Det har vore eit aktivt, spennande og utfordrande år. URÅ har hatt eit møte i månaden og ein del utskiftingar av styremedlemmar. Fleire gjer uttrykk for at tida ikkje strekk til. Året starta med «Veka for gjensidig respekt», der dei arrangerte bingo for bebruarane på Heimtun bu- og velferdssenter. URÅ har arbeidd spesielt med forsøk for stemmerett for 16- og 17- åringane ved kommunevalet der dei laga både filmar, deltok i Nye Loen under arrangementet for 10.klassingane i Hå og serverte bollar med logoen «Me skal stemma – ska du?» ved togstasjonane ei morgonstund. I tillegg har dei arrangert kanonballturnering på Vigrestad for alle ungdommane i Hå, der spesielt dei einslege mindreårige frå Hå mottakssenter vart inviterte. URÅ har delteke på Framtidsverkstad på Rådhuset på Varhaug og på Vitenfabrikken i Sandnes. Elles har URÅ vore synlege både på Nærbødagane og på



Jærmessa på Varhaug, fått eiga side på Facebook og Instagram og fått mykje omtale i media.

URÅ er no i gang med planlegging av utvekslingstur til Tsjekia, saman med vennskapskommunen vår Wegliniec i Polen og deira vennskapskommune Hodkovice nad Mokhelkou i Tsjekia. Overskrifta for turen er «Kultur».

## Barn og unges kommunestyre

Barn og unges kommunestyre blei arrangert for fyrste gong i Hå kommune i 2014. Dette er ein arena kor kommunen sine barn og unge får moglegheit til å seie si meining. Kvar skule er representert med tre elevar frå 5.-7. trinn og tre elevar frå 8.-10. trinn. I tillegg er ordføraren, rådmannen, kommunalsjefar og fleire politikarar til stades.

Møtet føregår i kommunestyresalen og er bygd opp på same måte som eit ordinært kommunestyremøte, med sakliste, ordstyrar og stemmeskilt. Elevane blir utfordra til å halde framlegg rundt eit tema som er viktig for kommunen. I 2015 var temaet mobbing, eit tema som engasjerte både elevar, politikarar og skulesjefen.

Elevane får og høve til å stille spørsmål til ordføraren og rådmannen. Elevane er godt førebudde og stiller spørsmål om tema som opptar dei. Nokre spørsmål dreier seg om skulekvardagen, medan andre dreier seg om fritida og det som skjer utanom skulen.

Barn og unges kommunestyre får satt av ein sum pengar som dei sjølv får råde over. Pengane må nyttas slik at barn og unge i heile kommune kan få glede av dei. I 2015 blei 60 000 kroner løyvd til å arrangere to aktivitetsdagar, ein for 5.-7. klasse og ein for 8.-10. klasse.



*Stort engasjement i Barn og unges kommunestyre. Foto: Steffen Rogne*

## Servicetorg

Servicetorget vart etablert mot slutten av 2015 i rådhuset på Varhaug. Mange av dei tenestene som rettar seg ut av kommunen er samla her, slik at innbyggjarane får «ei dør inn». Servicetorget behandlar søknader om kontantstønad, redusert betaling i barnehage og parkeringskort for flyttingshemma. Me gjer blant anna ut nabolister, situasjonskart, byggeteikningar og søknadspapir. Mange har dessutan behov for rettleiing i søknadsprosessar, og kan få hjelp til det. Me ønskjer å snakka *med* innbyggjarane, ikkje *til*. Facebook og epost er viktige kommunikasjonskanalar i så måte.



*Det nye servicetorget med medarbeidarane der. Foto: Markus Bjørnseth.*

## Ny heimeside og sjølvbetening

Hå kommune har mange sjølvbeteningstenester på internett og det er viktig at det er lett å finne fram til desse. Prosjekt «nye nettsider2 vart sett i gang i 2015 og dei nye sidene blir lansert vinter/vår 2016. Ein kommunal nettstad har stor variasjon i stoffområde og brukarbehov, så referansegrupper og ulike brukargrupper har vore viktige i behovskartlegginga når strukturen på desse sidene vart lagt. Dei nye sidene skal følgje alle standardar med tanke på universell utforming og dei vert òg tilpassa mobil/nettbrett på ein heilt annan måte enn dei noverande nettesidene.

## Digitale høyringar

I samband med to saker – endring av skulekrinsgrenser på Nærbø og nedlegging av Vigre skule – fekk dei som ønska moglegheit til å kome med høyringsinnspel gjennom ei spesiell nettløysing. Denne losa brukaren gjennom saka punkt for punkt og ein kunne kommentere enkeltavsnitt eller heile saka. Heile innspelet vart så lagt rett inn i sak/arkivsystemet for vidare behandling. Dette var ei effektiv og enkel løysing som har fått gode tilbakemeldingar.

## Sosiale medier

Hausten 2014 vart Hå kommune si facebookside oppretta, og målet med denne var å gje innbyggjarane aktuell informasjon frå heile kommunen. Noko av styrka til sosiale medier er potensialet for rask og effektiv spreiding av informasjon, og om ein klarer å samle nok følgjarar vil dette og kunne vere ein ressurs i beredskapsarbeidet. Eit døme på kor effektive slike medier er kan vere ein video («Me løfter i lag») som vart publisert i samband med kommunedagen i september – denne nådde ut til over 50.000 menneske i løpet av to dagar. Innbyggjarane kan og kontakte kommunen gjennom denne sida, og då er det i første rekkje servicetorget som svarer.

## Kommunereforma

Innbyggjarinvolvering har vore eit sentralt tema i arbeidet med utgreiing av kommunereforma i kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Time, Randaberg, Sandnes, Sola, Stavanger.

Jærrådet sette ned ei arbeidsgruppe med ansvar for å føreslå og gjennomføra tiltak som skulle sikra innbyggjarinvolvering då planlegginga av arbeidet med å greia ut kommunereforma starta. Målet var at prosessen skulle vera heilt open, og at ein skulle gi innbyggjarane god nok informasjon til å kunna danna seg ei meining om spørsmålet om kommunesamanslåing. I tillegg skulle ein sikra dialog og innspel i prosessen. Arbeidsgruppa vart supplert med representantar frå Randaberg, Sola og Stavanger då desse kommunane gjekk inn i samarbeidet om utgreiing av kommunereforma. Det vart også etablert eit politisk arbeidsutval med hovudansvar for innbyggjarinvolveringsarbeidet.

Det har vore gjennomført ulike typar involveringstiltak retta mot ulike grupper i befolkninga i dei åtte kommunane. Arbeidet har vore innretta og prega av dei ulike fasane kommunane har vore i. Nettstaden *minnyekommune.no* med tilhøyrande facebookside og twitterkonto har vore navet i kommunikasjonen med innbyggjarane. Alle dei andre tiltaka har vore marknadsførte, oppsummerte og overførte her.

Gjennomføring av folkemøte om ulike tema var viktig for styringsgruppa for å få innspel til utgreiinga og for å vera i dialog med innbyggjarane undervegs. Interesse var stor ved første møtet, men minkande ved dei neste. Temavalet vart gjort ut frå dei sentrale utgreiingstema og med innleiarar som hadde spesialkunnskap på felta.

Skuleopplegget som vart utarbeidd av tilsette i skulen er eit frittståande opplegg knytt til læringsmåla på dei aktuelle trinna, men også knytt til minnyekommune.no for å gi elevar og lærarar tilgang til denne som kunnskapsbase om kommunereforma.

Framtidsverkstadsmodellen vart brukt for å engasjera barn og unge i spørsmålet om kommunereform i eigen kommune, og for at dei unge skulle gi innspel til sine politikarar om kommunen i framtida. I tillegg til felles verkstad er det arrangert liknande aktivitetar i fleire av kommunane.

27. november hadde barn og unges kommunestyre i Hå sitt eige framtidsverkstad. Ungdommane arbeida dels i grupper med medelevar frå eigen skule og dels i grupper på tvers av skulane. Dei svarte på spørjeskjema, diskuterte og visualiserte ved å teikne ut det som er det viktigaste for dei i dag og framover på «plassen der eg bor» og «kommunen vår».

# Samfunnstryggleik og beredskap

## Definisjon

*Beredskap betyr i utgangspunktet «å være beredt», altså å være førebudd på ein situasjon. Det brukes spesielt om å være førebudd på å møte kritiske situasjonar, det vil seie å handtere og redusere skadeverknader av uønska hendingar som kan føre til skade på eller tap av verdier eller personskade/dødsfall. Beredskap omfattar tekniske, operasjonelle og organisatoriske tiltak som planlegges iverksatt under leiing av beredskapsorganisasjonen ved ei hending, for å beskytte personell, materiell og verdier.»*

## Viktige hendingar i 2015

Det har i 2015 ikkje vært hendingar som har ført til at krisestab blei satt.

21 januar 2015 blei det gjennomført ei storskala øving. Øvinga var at det hadde skjedd ei alvorleg togavsporing der ei skuleklasse var involvert. Full krisestab blei satt.

I Fylkesmannen sitt tilsyn i 2015 får Hå kommune ros for i praksis og i øvinger ha god evne til å handtere utfordringar ved uønska hendingar. Det blir særleg lagt vekt på kommunen si operative evne og god lokal kunnskap. Samstundes avdekka Fylkesmannen nokre manglar i planarbeidet knytt til heilskapeleg plan for kommunen sin tryggleik og sårbarheitsanalyse. Dette vert det arbeid vidare med i 2016.

Det er etablert ny vakt-ordning for brannvesenet for å stå betre rusta under ekstreme værforhold. Kommunen har også starta bruken av CIM som er spesial verktøy som blir brukt ved krise handtering. DSB-CIM er et krisestøtteverktøy for raskere og mer oversiktlig handtering av en uønska hendelse/krise.

Ny beredskapssjef blei tilsett og han var på plass 1 februar 2016.

## Informasjonsteknologi (IT)

Det har over tid blitt arbeid med å analysere robustheten og aktuelle risikofaktorar i IT driftssentralen vår. Fyrste betringa gjorde me med å kjøpeinn nød/reservestrøm-aggregat til rådhuset som også gjev straum til driftssentralen. I 2015 er det bygd opp ein heilt ny driftssentral. Dei fleste av systema våre og alle data og journalar ligg nå på to stadar samstundes. Mellom driftssentralane har me lagt eigen fiberkabel. Begge driftssentralane kan køyra alle system og tenester aleine eller delt. Begge stadar har me doble støttesystem slik som doble kjølesystem og naudstraums(diesel)-aggregat. Hå kommunes driftssenter (med doble sentralar) står fram som sær robust og framtidretta.

## Kva er fokus i 2016

Det blir jobba vidare med ny plan for ei heilskapeleg sikkerheit- og sårbarheitsanalyse som skal til behandling i 2016.

Der vert også fokus på korleis Beredskapsgruppa skal arbeide, mellom anna er det planlagt opplæring og trening i handtering av media.

## **Klima, miljø og energi**

*Berekraftig forvaltning av miljø- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen. I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabildet framover viser.*

### **Mål og prioriterte oppgåver**

Redusere klimagassutslepp gjennom rasjonell utnytting av energiresursar og infrastruktur.

### **Viktigaste hendingar og resultat**

I forhold til kommunen sitt arbeid som samfunnsutviklar, fokuserer kommunen på følgjande område: vindkraft, klimatiltak i jordbruket, fjernvarmeutvikling, nybygg og energimerking, haldningsskapande arbeid, arealbruk og transport. Som planstyremakt har kommunen moglegheiter, og stort ansvar, for å legge til rette for rasjonell utnytting av energi. Det inneber mellom anna å oppmode til, eller krevje, bygging av energieffektive bustader, fornuftig bruk av eksisterande og eventuelt ny energiinfrastruktur, og utnytting av spillvarme og fornybare energikjelder i større grad.

Jæren Fjernvarme er eigd av Jæren Everk som er heileigd av Hå kommune. Dei tilbyr fjernvarme som energikjelde både til næringsbygg, offentlege bygg og mange privatbustader på Nærbø. Fjernvarme er overskotsenergi frå industriprosessar i lokalsamfunnet . Dette ei jordnær og framtidsretta energikjelde som passar alle. Med fjernvarme sparer du straum, du sparer miljøet og du tar i bruk fornybar energikjelder.

Areal- og transportplanlegging som fører til redusert transportbehov er å arbeide for dobbeltspor med halvtimes frekvensar og konsentrert bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.

Klima- og energiplanen fokuserer på tiltak for å effektivisere energiforbruket og redusere klimagassutslepp knytt til kommunal verksemd. I kommuneplanperioden er det fleire store kommunale byggeprosjekt som skal realiserast, der energiklasse og val av energiløysingar vil legge premissar for framtidig effektiv drift.

Det vert òg arbeidd med energieffektivisering i kommunen. I samband med rehabilitering av rådhuset på Varhaug har Enova løyvt eit tilskot på kr 359.000,-til kommunen. Stønaden blir gitt på grunn av kommunen sitt val av energiløysingar (bruk av varmepumpe).

I økonomiplanen er det satt av 4 millionar kroner til enøk tiltak i kommunen. Eigeomsavdelinga er allereie i gang med å kartlegge kommunale bygg som kan være aktuelle for slike tiltak. Arbeidet vil bli et samarbeid med Enova, noko som kan utløyse ytterlegare støttetiltak og bidra til meir energivenlege kommunale bygg.

### **Kva kan gjerast betre**

Hå kommune utarbeida i 2010 ein energi- og klimaplan, og vedtok i 2014 ny kommuneplan med eige kapittel om klima og energi. Det blei gjort ein statusgjennomgang som viser utviklingstrendar i energibruk og klimagassutslepp sidan planen blei vedtatt, samt en vurdering av i kva for grad mål er oppnådd og tiltak er gjennomført, halvveges i planperioden.

Mange av tiltaka er gjennomført eller arbeidas godt med. Planen er i stor grad følgt opp i økonomiplanen, men det har mangla personalressursar til å ivareta holdningsskapande arbeid. Det er også for dårlige rammevilkår til å realisere tiltak innan landbruk.



Foto: Tord Paulsen.

## **Klimatilpassing**

### Havstiging

I følgje «Havnivåstigning» frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB), blir det forventa for Hå kommune (målepunkt Sirevåg) at havnivået i 2050 ligg mellom 19 til 41 cm høgare enn i dag. For år 2100 vil det ligge mellom 60 til 115 cm høgare enn i dag. Nivå ved stormflo med 100-års gjentakingsfrekvens vil i år 2050 ligge mellom 134 til 156 cm høgare og i år 2100 181 til 236 cm over dagens middelasstand. I tillegg må ein ta omsyn til bølga si innverknad. Tettstadene Brusand og Ognå ligg høvesvis på kote ca. 3 og 4 og kan såleis bli ramma av stormflo og flaum i tilhøyrande vassdrag. Kommunen vil gjennomføre ein eigen Ros-analyse for desse geografiske områda. Dette må gjerast for å få kartlagt grundig behovet for etablering av eventuelt faresone flaum/stormflo med arealføresegner om sikkerheit for oppføring av bygg/anlegg og eventuelt avbøtande tiltak i tråd med Fylkesmannen sine faglege tilrådingar til høringsrunde kommuneplanen.



### Flaum

Rådmannen har engasjert ekstern konsulent for å vurdere faren for flaum ved ekstreme nedbørsmengder og kome med forslag til tiltak for å hindre skade av slik flaum. Endeleg rapport vil ligge føre rundt årsskiftet 2015/2016 og vil bli lagt fram til politisk behandling vinter/vår 2016.

# Tenesteområda

Der er stor aktivitet i kommunen og mange spennende ting skjer. I denne delen av årsmeldinga går vi inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei tre tenesteområda og stabsområdet.



## Tenesteområda sine netto rammer Utgifter, inntekter og resultat i 2015



ME LØFTER I LAG



## Investeringane og korleis dei er finansiert



ME LØFTER I LAG



# Opplæring og kultur

Barnehagebruksplanen er revidert og dannar grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering. Det er sett i gang eit arbeid med å utarbeide ein plan for kvalitet og innhald i barnehagane. Arbeidet med Jærskulen går vidare. Dette er eit langsiktig arbeid som legg vekt på at skulane skal arbeide grundig med å analysere seg fram til satsingsområde. Måla er mellom anna å styrke det faglege nivået og redusere fråfallet frå vidaregåande opplæring. Arbeidet med skulebruksplan er i gang. Innanfor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle og støtte til eit veldrive organisasjonsliv. Det har også vore gjort eit viktig arbeid for å ta vare på og formidle kulturarven gjennom arrangement og produksjonar og vedlikehald av verdfulle kulturminne som Obrestad fyr og Hå gamle prestegard. Arbeidet med kulturminnevernplanen er godt i gang.

## Mål og prioriterte oppgåver

Alle barn skal oppleve læring og meistring kvar dag. Eit hovudmål for 2015 var å rekruttere og behalde personell med godkjent utdanning og styrke formell kompetanse i eksisterande arbeidsstokk.

## Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Millioner kroner	Rekneskap		Budsjett
	2014	2015	2015 *)
Driftsutgifter	576,1	593,7	554,8
Driftsinntekter	-123,0	-133,8	-93,2
<b>Netto ramme</b>	<b>453,1</b>	<b>459,9</b>	<b>461,6</b>

\*) Budsjett inkl godkjente endringar

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit mindreforbruk på om lag 1,7 millionar kroner i 2015, mot eit meirforbruk på om lag 1,5 millionar kroner i 2014.

Dei auka utgiftene skuldast først og fremst på grunn av om lag 10 nye årsverk i høve til 2014. Nokre av desse førte også til auka inntekter og nokre hadde ekstern finansiering, for eksempel til opplæringscenteret og einslege mindreårige flyktingar.

Barnehagane hadde samla sett 3,5 millionar kroner i auka kostnader i forhold til budsjett og 5 millionar kroner i ekstra inntekter, dvs. netto 1,5 millionar kroner i mindreforbruk i forhold til budsjett 2015. Det er fleire poster som verker inn på dette, men den største er om lag 1,5 millionar kroner i sparte lønnskostnader, først og fremst fordi vikarar ofte har lågare løn enn dei fast tilsette som følge av utdanningsnivå. Det er spesielt utfordrande å få tak i utdanna spesialpedagogar.

Alt under skule går samla sett omtrent i null. Det var 4,4 millionar kroner i netto auka kostnader til spesialpedagogikk, men dette blei dekkja opp ved omgjorte timer frå vanleg undervisning på tilsvarande beløp slik at dette totalt gjekk i balanse. Dette er det tatt høgde for i budsjett 2016.

Opplæringscenteret hadde om lag 3 millionar kroner i auka kostnader og inntekter i forhold til



2014, og tilsvarande 4 millionar kroner i auke både i utgifter og inntekter i forhold til budsjett 2015.

Tenesteområdet hadde i 2015 totalt 662 stillingsheimlar og eit godkjent driftsbudsjett (ramme) på 461,6 millionar kroner samanlikna med 652 stillingsheimlar og eit godkjent driftsbudsjett på 451,6 millionar kroner i 2014.

## **Barnehage**

### Mål og prioriterte oppgåver

Eit hovudmål er, i samarbeid med heimen, å arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom. For å nå dette målet må vi arbeida gjennom dei tilsette i barnehagen. Eit viktig og langsiktig mål for barnehagen blir av den grunn å auke dei tilsette sin formelle kompetanse. Alle tilsette i barnehagen bør ha ei barnehagefagleg utdanning/fagbrev. I tillegg har barnehagen sterkt behov for fleire spesialpedagogar. Eit sentralt verkemiddel i arbeidet med rekruttering av desse faggruppene er å gje særskilte stipendordningar. Vi arbeider for å samle den spesialpedagogiske kompetansen i eit team. Målet er å få eit robust fagmiljø for spesialpedagogar. Teamet skal være ambulerande og arbeide periodevis i ulike barnehagar. Spesialpedagogane skal både observere og rettleie dei tilsette i arbeidet med barn med spesielle behov. Styrarrolla er i endring og det blir stadig nye krav til leiarrolla. Kommunen legg til rette for å lyfte leiarkompetansen til styrarane. Her er styrarskolen, som er ei nasjonal satsing, eit av tiltaka. Barnehagen har også behov for fleire fagbrev innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. Her er satsinga mellom anna gjennom eit interkommunalt samarbeid.

Barnehagebruksplanen er kommunen sitt styringsverktøy og dannar grunnlag for avgjersler som mellom anna vedlikehald, utbygging og lokalisering. Etter ei stor vekst i sektoren er ei årleg revidering av barnehagebruksplanen naudsynt. Barnehagen skal i løpet av våren 2016 også legge fram kvalitetsplan for barnehagen. Denne planen skal vere eit styringsverktøy for kvaliteten på innhaldet i barnehagen.

### Viktigaste hendingar og resultat

#### *Leiarutvikling for styrarar*

- Styrargruppa var våren 2015 med på Rogaleder, som er ei kartlegging av leiarrolla, gjort av Bjørnson organisasjonspsykologene.
- Tre styrarar og to assisterande styrarar er ferdige/eller undervegs med styrarutdanning ved Universitetet i Agder.
- Rapporteringsgruppene held fram, mellom anna for år å halde oppe fokus på leiarrolla.

#### *Rekruttering og tiltak for å behalde barnehagelærarar*

- Det har vore konkrete tiltak i arbeidet med rekruttering av kvalifisert personell til barnehagane. Barnehagane har i dag 20 assistentar som tek deltidsutdanning for å bli barnehagelærarar, enten ved UiS eller ABLU (Dronning Mauds minne i Trondheim).

- GLØD (Partnerskap med fokus på rekruttering, behalda og omdømmebygging – barnehagelærarar) har vore sentrale i arbeidet med rekruttering/behalde og omdømmebygging kring barnehagelærarkret.
- Det er gjennomført jamne samlingar for nyutdanna barnehagelærarar.

### *Kompetanseheving for assistentar*

- Det vart etablert eit interkommunalt samarbeid for å legge til rette for at assistentar i barnehagen kan ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar. Vi er nå i gang med tredje runde, og åtte nye assistentar er klare for å bli barne- og ungdomsarbeidarar.

### *Styrking av kompetanse og tiltak for barn med særskilte behov*

- I starten av barnehageåret 2014-2015 vart det etablert eit spesialpedagogisk team for å styrke arbeidet kring barn med særskilte behov. Det blir arbeida for å få fleire spesialpedagogar til teamet.
- Det er gjennomført jamne fagnettverk med dette som tema, vår og haust 2015.

### *Andre hendingar*

- Barnehagebruksplanen blei revidert og vedtatt i kommunestyret i desember 2015. Planen skal framleis reviderast årleg.
- Motlandsmarka barnehage på Nærbø opna i desember. I denne barnehagen er det barn og tilsette frå Loen og Nærlandsparken barnehage som har flytta inn. Desse to barnehagane er difor avvikla.



*Den nye Motlandsmarka barnehage. Foto: Steffen Rogne*

- Barnehagane starta haust 2015 med eit nærværsprosjekt, i tett samarbeid med arbeidslivssenteret og personal- og organisasjonsavdelinga. Barnehagane kan vise til nedgang i sjukefråværet den siste halve året. Satsinga skal halda fram heile 2016.
- Det vart oppretta ei prosjektstilling, vegleiar for fleirkulturelt arbeid. Stillinga skal primært arbeide ut mot barnehagane, og den skal få på plass fagplanar innanfor området.
- Kommunen er med i Fylkesmannen si satsing *Kompetanse for mangfald*.
- Kommunalt FAU er etablert og hadde 6 møter i 2015.
- Brukarundersøkinga hadde ein låg oppslutning, med 34%. Det fører til at data vi får inn blir usikre. Vi vil arbeida aktivt for å auke oppslutninga i 2016.

## Kva kan gjerast betre?

Implementere arbeidet og kompetansen vi har fått med å være med i satsinga *Kompetanse for mangfald*.

Utvikle og setje språkutviklinga til barn i barnehagen i system. Finne gode forskningsbaserte verktøy som kan nyttast som hjelpemiddel i dette arbeidet.

Arbeidet med å rekruttere og behalde barnehagelærarar og spesialpedagogar må halde fram.

Oppretthalde arbeidet og satsinga saman med arbeidslivsenteret for å redusera sjukefråværet i barnehagen.

## **Skule**

### Mål og prioriterte oppgåver

Det er stort fokus på å styrke og utvikle samarbeidet på Jæren om god skulekvalitet gjennom fellesprosjektet Jærskulen. Jærskulen har eit heilskapleg fokus på skuleleiing, og den skulefaglege leiinga er eit viktig satsingsområde. Gjennom Jærskulen ønskjer kommunen å styrke det faglege nivået med mål om å liggje på nivå med Rogaland når det gjeld nasjonale prøver og avgangskarakterar. Over tid har det faglege nivået ikkje vore godt nok i Hå skulen. Eit anna viktig mål med Jærskulen er å få fleire elevar til å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Elevane sitt psykososiale miljø er ein viktig faktor i all læring. Dersom elevane ikkje trivst, er dei heller ikkje motiverte for læring. Eit stort fokus på førebyggjande tiltak og handling dersom mobbing blir avdekka er viktig.

Bruk av IKT og ny teknologi blir stadig viktigare i skulen. Å auke pc-dekninga i skulen har vore eit prioritert område. I tillegg må bruken av verktøya både blant elevane og lærarane bli meir målretta og hensiktsmessig.

PPT-kontoret skal være eit systemretta tilbod. PPT skal drive eit aktivt samarbeid med skulane gjennom å leggje til rette for god tilpassa opplæring gjennom kartlegging og oppfølging.

Det er viktig å auke kompetansen til dei tilsette i skulen. I tillegg må det satsast på dei fagutdanna i skulen, og sjå til at dei har den kunnskapen som trengst for å takle utfordrande elevar.

Det er eit auka fokus på å få nok kvalifiserte lærarar i skulen. Mangelen på lærarar vil bli stor i framtida. I Jærskulesatsinga er eitt av måla å sjå til at ein finn og gjennomfører konkrete tiltak for å få kvalifisert personell i skulane.

## Viktigaste hendingar og resultat

### *Bø og Ognå skule*

- Bygginga av nye Bø skule tok til hausten 2015. Skulen skal stå ferdig til skulestart hausten 2016, og vil ha plass til 550 elevar samt ei ATO-avdeling (alternativ tilpassa opplæring) med plass til 20 brukarar.
- Det er vedtatt å byggje ein skule for 300 elevar på Ognå. Skulen skal stå klar i årsskiftet 2017/2018. Ein reknar med byggestart til sommaren 2016.

### *Vigre skule*

- Vigre skule blei i 2015 vedtatt lagt ned frå august 2016. Elevane skal i all hovudsak gå på Høyland og Motland skule etter dette

### *Jærskulen - Læring i nettverk og skuleutvikling*

- Utviklingsarbeidet i skulane er sett inn i ramma til Jærskulen, med nettverkssamlingar på tvers av kommunane. Jærskulen har fokus på rektor som pedagogisk leiar for læringsarbeidet, med mål om betre læringsutbytte.

### *Eleven sitt psykososiale miljø*

- Det er arbeidd med førebyggjande tiltak og med stort fokus på utfordringar. Vedtak er gjort og det har vore tett oppfølging i enkeltsakene. Skulane har vore snare med kartlegging og med å identifisere behov og oppfølging.

### *Minoritetsspråklege*

- Talet på minoritetsspråklege elevar aukar sterkt i skulen. Den forsterka norskopplæringa dei har krav på krev kompetanse og ein har samla denne grunnleggjande opplæringa på Røde kors huset på Nærbø. I tillegg har me ei gruppe EM (Einslege mindreårige) på Nærbø ungdomsskule(om lag 30 stk). PPT har gjennom sitt systemretta arbeid gjort ei kartlegging av situasjonen på skulane som eit grunnlag for vidare tiltak.

### *Etter- og vidareutdanning*

- Læraren og skuleleiarane sine faglege kvalifikasjonar har blitt styrka gjennom satsinga på kompetanse for kvalitet, rektorskulen og gjennom kurs og konferansar. Hå kommune har inneverande skuleår 24 lærarar som deltek på «kompetanse for kvalitet» som er eit nasjonalt satsingsområde.

### *Rekruttering*

- Det har vore arbeidd med rekruttering, gjennom konkrete tiltak, for å få kvalifisert personell i skulane. Dette har vore eit samarbeidsområde i Jærskulen.

### *Auken i lærarårsverk*

- Stillingane er fordelte på skulane etter gruppe og elevtal. Delar av denne auken blir prioritert til tidleg innsats etter vedtak frå kommunestyre.

## Analyse av resultat 2015

Vi vil her vise til rapporten «Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2015» som blei lagt fram på fellesmøte for dei politiske utvala og skule 23. februar 2016. Rapporten blei og lagt fram for kommunestyret i mars 2016. Me ynskjer likevel å ta frå nokre resultat frå rapporten.

- **Fagleg nivå.**

Elevane i kommunen presterer jamt over svakare enn dei andre kommunane i Jærskulen på dei nasjonale prøvane på 5 trinn. Desse prøvane på 5 trinn syner spesielt svake resultat i lesing. Heile 46% av elevane presterer på lågaste nivå. Dette er resultat vi ikkje kan leve med og vi må ta grep. Prestasjonane i engelsk og rekning er betre, men samtidig i svakare enn dei andre kommunane på Jæren. Samtidig viser dei nasjonale prøvane på 8 og 9 trinn ei betring. På 9. trinn er elevane på nivå med Klepp og Time.

- **Mobbing.**

2.3 Mobbing på skolen	09-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16
Nasjonalt (15-16)	4,55	4,55	4,59	4,62	4,73	4,76	4,77
Hå kommune (15-16)	4,4	4,39	4,36	4,37	4,61	4,7	4,68
Klepp kommune (15-16)	4,51	4,49	4,45	4,56	4,69	4,73	4,78
Time kommune (15-16)	4,66	4,71	4,67	4,88	4,85	4,86	4,8

*Kjelde: PULS som er kjeldegrunnlag for tilstandsrapport om Jærskulen 2015*

Både når det gjeld krenkingar og mobbing ligg kommunane i Jærskulen om lag same nivå som fylket og nasjonalt. Hå tenderar til å liggja litt under dette nivået. Det er likevel små forskjellar mellom kommunane, og det er små endringar frå skuleåret 2014/2015 til 2015/2016. Det kjem fram relativt små variasjonar mellom skulane.

Denne oppsummeringa frå tilstandsrapporten er gledeleg. Dei siste åra har skulane jobba iherdig med å få kontroll på mobbinga og sikra at elevane har ein trygg skulekvardag. I dag er kommunen altså om lag på nivå med dei andre kommunane. Ser ein noko lengre tilbake i tid viser tala at kommunen har hatt eit større problem med mobbing.

- **Kompetanse og utdanning.**

*Prosent årstimar til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning 2013/2014 og 2014/2015, nasjonalt, Rogaland, våre kommunar, kjelde GSI:*

	2013/2014	2014/2015
Nasjonalt	96,8	96,7
Rogaland	96,1	95,7
Gjesdal	95,8	94,3
Hå	91	89,6
Klepp	94,5	96,1
Time	93,3	92

Ein ser i denne tabellen at Hå kommune ligg under dei andre kommunane i høve til delen utdanna personale. Vi har om lag 10% av lærarane som ikkje har fullverdig kompetanse. Det er viktig å få fram at mellombels tilsette i gruppa som undervisar utan å ha godkjent utdanning i stor grad har relevante faglege kvalifikasjonar. Gruppa inkluderer til dømes lærarstudentar som er i utdanning og tilsette som har fagkompetanse, men som manglar pedagogisk utdanning

### Kva kan gjerast betre?

Skulane må følgjast opp betre enn i dag. Dei må både støttast og utfordrast. Tenesteområdet vil ha fokus på skuleutvikling gjennom Jærskulen. Dei måla som ligg i mål- og prinsippdokumentet til Jærskulen må haldast fram og tydeleggjerast.

For å heve kvaliteten i skulen og få resultata opp på nasjonalt nivå, er vidareutdanning og kompetanseheving av lærarar viktig. Vi må få så mykje kompetanse som råd er, ut frå dei midla vi nyttar. Vi vil også oppmode og prioritere så mange lærarar som råd til å ta vidareutdanning gjennom «kompetanse for kvalitet» For skuleåret 2015/2016 deltek 25 lærarar i kompetanse for kvalitet. Dette vil styrke den faglege kompetansen på den enkelte skule. Dei fleste skulane i kommunen har lesing som fokusområde. Fokuset må være langsiktig og vi er trygge på at dette vil styrke leseopplæringa i Hå-skulen.

Talet på elevar som blir mobba skal ned til under nasjonalt nivå. Fortsette arbeidet med førebyggjande tiltak og ha fortsatt stort fokus på utfordringa. Jærskulen er i gang med å lage ein overordna plan for eit «trygt psykososialt miljø»

Det er god PC-dekning i skulane. Fokuset framover er å legge til rette for auka pedagogisk bruk, og for den kunnskapen som trengs blant lærarane. Det er sett i gang eit arbeid med å sjå på verktøy og bruk av desse gjennom Jærskulen.

PPT må oppretthalde sitt fokus på det systemretta arbeidet for å hindre at fleire elevar treng spesialundervisning. Elevar med enkeltvedtak låser mykje av dei tildelte ressursane til skulane, noko som fører til at fleksibiliteten i den ordinære undervisninga blir mindre.

# Kultur

## Mål og prioriterte oppgåver

Utvikle biblioteket som møteplass og som arena for læring, oppleving og debatt.

Ha varierte og aktuelle tilbud om fritidsaktivitet til alle, med særleg vekt på barn og unge og til menneske som av ulike grunnar treng særleg støtte. Legge til rette for læring og oppleving av fellesskap med andre.

Ta vare på og formidle kulturarven, gjennom arrangement, produksjonar og vedlikehald av verdfulle faste kulturminne som Obrestad fyr og Hå gamle prestegard.

Støtte opp om arbeidet i organisasjonslivet. I kommunen er det mange veldrivne organisasjonar, idrettsanlegg og kulturbygg. Det blir lagt ned 140 årsverk i frivillig arbeid i Hå.

## Viktigaste hendingar og resultat

### *Biblioteka*

- Det totale utlånet i biblioteket auka med 8,57%, medan besøket auka med 3,53%.
- Biblioteket hadde 71 arrangement, av desse var 47 for barn.
- Biblioteket har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet «Attraktiv møteplass for nye lånarar».
- Frå Fritt Ord fekk vi støtte til prosjektet «Kæ seie Hå-buen?», ein debattarena med dagsaktuelle tema.

### *Kulturtorget*

- Besøket i Lensmannsløa ungdomsklubb varierer frå 25 til 50 pr. klubbkveld. Vi har eit godt samarbeid med Oгна skule og Vigrestad storskule. Elevar har valfaget sitt i løa.
- Besøket i Loen ungdomsklubb varierer frå 35 til 40 pr. klubbkveld. Fleire einslege mindreårige flyktingar frå Hå mottakssenter tek også turen til klubben.
- I 2015 har det vore tilbud om jente-/guttegrupper til Oagna skule og Vigrestad storskule, to grupper på kvar skule. A- laget, tilbud til unge som treng ekstra støtte, har fått 6 nye deltakarar.
- I samband med kommunevalet har Ungdomsrådet laga filmar og vore med på ulike arrangement som Framtidsverkstad på rådhuset i Hå og på Vitenfabrikken i Sandnes.
- Det vart gjennomført 16 besøk på eldrecenter med Syng deg glad-program og 40 program på sjukeheimen. Senior kafé i Ståvå heldt fram med besøk på ca. 40 kvar fredag.
- Frivilligsentralen hadde 2000 deltakarar på 20 ulike arrangement og det er registrert 100 frivillige. Natteravn/Foreldre på banen har 180 i aktivitet.
- Kulturskolen hadde på det meste 449 elevplassar i aktivitet. Det er også starta eit tilbud for barn som treng tilrettelagt undervisning.

- Kulturskolen har produsert fleire større konsertar og førestillingar, mellom anna musikalen «Sound of Music» og operaen «Den magiske skogen».



*Frå musikal-oppsettinga Sound of Music. Foto: André Sahlmann Hansen*

- Kulturskolen har sett i gang teater/bandtilbod for elevar på Møllerhaugen. Mindreårige asylsøkjjarar frå Hå mottak får tilbod om plass på visuelle kunstfag.

#### *Kulturvern, Hå gamle prestegard og Obrestad fyr*

- På Hå gamle prestegard vart det vist 17 kunstutstillingar og ei kulturhistorisk utstilling om Eilif Pettersen; «Jæren – et høyst eiendommelig kystland».
- På Hå gamle prestegard var det 37 arrangement, mellom anna vandring i utstillingane, onsdagsforedrag, konsertar, bokkaféar og familiearrangement.
- Alle 6. klassane i Hå var på besøk på prestegarden i regi av Den kulturelle skulesekken. Tema var ulike ritual i historia og i tillegg innføring i samtidskunst.
- På Hå gamle prestegard vart det mellom anna gjort utbetringar på grunnmurane og lysarmatur (jf. Handlingsplan 2014 – 2020).
- På Obrestad fyr heldt arbeidet med uttørking av sjøve fyrbyggnaden fram. Det vart gjort ulike tiltak i samband med fukt og lekkasjar (jf. Handlingsplan 2014 – 2020).
- Arbeidet med revidering av kulturminnevernplanen er starta opp.

#### *Internasjonalisering, friluft og anna*

- Folkepulsprosjektet er godt etablert med aktivitetar fleire stader i kommunen, retta mot inaktive vaksne, funksjonshemma og innvandrarar.



- I juli var det Tall Ships Races arrangement i Sirevåg. Om lag 10.000 var innom hamneområdet. Arrangementet kom i stand gjennom eit godt samarbeid mellom kommunale og frivillige krefter.
- På terskelen til Morgonhuset har fokus på norsk språk og litteratur, lokalkultur og internasjonale impulsar. I 2015 bidrog vi mellom anna til regional markering av Alfred Hauge jubileet. Andre sentrale tema var ungdomskultur, fysisk og psykisk helse og demens og Alzheimer.
- Veka for gjensidig respekt vart arrangert i samband med FN sin internasjonale minnedag for ofra for Holocaust. Tema i 2015 var grenselaus kjærleik.
- Hå kommune vart for andre gang peika ut til å vera Årets kulturkommune i Rogaland. Hå vart også kåra til Turbo-kommune grunna godt arbeid med Ungdommens kulturmonstring.

## Kva kan gjerast betre?

Det vart løyvd 4 millionar kroner til rehabilitering av biblioteket i 2014. Forarbeidet kom i gang, men først seint i 2015 starta arbeidet med mellom anna byting av vindauge, rehabilitering av ventilasjonsanlegg, nytt lysarmatur og maling. Det er venta at det høge utlånet og besøket vil gå litt ned i 2016 grunna dette arbeidet.

Det høge utlånstalet viser at biblioteket er mykje brukt av innbyggjarane. Medan utlånet andre stader i landet går ned, aukar det i Hå. Dette syner at det er viktig å være dagsaktuelle, både med omsyn til materiale til utlån, arrangement og at sjølve lokala er tidsmessige og innbydande. Gode lesevaner gir livskvalitet og kunnskap og ikkje minst betyr det mykje for barn og unge si læring.

Den høge aktiviteten i Kulturskulen gjer det krevjande å ikkje ha eigne lokale tilpassa behovet for øvingar, samt at dei tilsette ikkje har tenlege arbeids- og øvingsplassar. Behovet har funne si løysing i at kulturskule og fritidsavdeling får ta over heile bygget i Loen. Det er løyvd 3 millionar kroner til lydisolering og oppgradering av bygget.

Statstilskotet til Kulturell spaserstokk har gått ned. Vi må bruke eigne krefter meir for å halde aktivitetane oppe, både med seniorkafé og besøk i eldresenter og på sjukeheimen. Kultur påverkar i stor grad kjensla av opplevd helse så desse tilboda prøver vi å halde i gang.

Vi har fått gode tilbakemeldingar på tiltaket med jente- og guttegrupper, frå ungdommen sjølv, men også frå lærarar og føresette. Dette arbeidet inn i skulane syner seg også positivt på klubbkveldar, der ungdomsarbeidarane blir opplevde som trygge vaksne ein kan snakke med om noko er vanskeleg. Samarbeidet med Familiesenteret og SLT styrker kvaliteten på arbeidet. Besøket i dei to klubbane er nå så høgt at det set eit stort press på dei tilsette.

Det ligg eit stort potensiale i å nytte anlegga på Hå gamle prestegard og Obrestad fyr meir aktivt. Eitt av tiltaka kan vere å isolere løene og innreie til større arrangement og klasserom. Isolering vil også hjelpe på varmetap i bygga. Det er også krevjande å auke aktivitetssida og kafédriфта i høve til publikum sine forventningar.

# Helse- og sosialsaker

## Styrking av samarbeid

Stor aktivitet, fokus på leiarkompetanse og styrking av samarbeidet mellom avdelingane og andre tenesteområder innanfor kommunen.

### Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmålet for 2015 var å yte likeverdige helse- og sosialtenester for alle i kommunen med vekt på tilgang, kort ventetid, god fagleg standard, service og brukarmedverknad.

### Viktigaste hendingar og resultat

Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Helse og sosial Millioner kroner	Regnskap		Budsjett
	2014	2015	2015 *)
Driftsutgifter	516,3	528,1	531,4
Driftsinntekter	-180,1	-192,6	- 176,3
<b>Netto ramme</b>	<b>336,1</b>	<b>335,5</b>	<b>355,1</b>

\*) med godkjente endringar

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit overskot på om lag 19,5 mill kroner i 2015, mot 17 mill kroner i 2014.

Hovudårsaka er meirinntekter (tilskot) og mindreforbruk løn/meirinntekter refusjon. Det var i tillegg sett av for mykje til pensjon og arbeidsgjevaravgift. Omsorgstiltak som har vore venta måtte setjast i verk, er det ikkje blitt bruk for så raskt som budsjettet. I sum gir dette mindre bruk av kommunale midlar enn budsjettet på mest alle område innan helse- og sosialsektoren.

Helse- og sosialtenesta legg vedtatt kommuneplan om ei bærekraftig utvikling, samt politisk vedtekne fagplanar til grunn for si styring. Det er stor budsjett disiplin innan tenesteområdet. For å kunne sette inn ekstra ressursar i ei avdeling når det er nødvendig, må ein la vere å bruke ressursar når det ikkje er nødvendig.

Tenesteområdet hadde i 2015 totalt 495 stillingsheimlar og eit opphavleg driftsbudsjett på 505 mill kroner samanlikna med 488 stillingsheimlar og eit driftsbudsjett på 493 mill kroner i 2014.

### Psykisk helse og rusvern

- Psykisk helse og rusvern har fortsatt arbeidet med å implementere Recovery-orientert tilnærming som arbeidsform. Det er starta renovering av aktivitetssenteret og oppretta ei prosjektstilling som leier av senteret.

### *Familiesenteret*

- Familiesenteret har hatt auke i antall førespurnadar i 2015

### *NAV/sosialtenesta*

- Som følgje av eit stramare arbeidsmarknad har NAV har hatt stor auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Dei aller fleste er brukarar som ikkje har opparbeida seg rett til dagpengar, eller har deltidsarbeid som ikkje er nok til å leva av. I tillegg er noko supplerande sosialhjelp ved sida av statlege ytingar som uføretrygd og arbeidsavklaringspengar.

### *Pleie- og omsorgstenesta*

- Pleie- og omsorgstenesta har teke imot alle pasientar frå sjukehuset som er klare til utskrivning. Fagteama fungerer tilfredsstillande og det er ein god flyt mellom dei ulike tenestene. Samarbeid med både sjukehus og dei andre tenesteområda i kommunen er i fokus. Kvardagsrehabilitering starta opp 1. september.



*Her løfter me i lag på sjukeheimen. Foto: Anne Lise Norheim*

### *Helsetenesta*

- Nytt naudnett er tatt i bruk med nye radioar og arbeidsstasjonar på legevakta. Dette har ført til betre dekning ved naudmeldingar og forbetring ved telefonhenvendingar til legevakta. Det har vore nokon tekniske problem i høve til tilkopling til sentral i fylket. Helsetenesta sin driftsorganisasjon arbeider med å løyse dette. Nytt landsdekkande telefonnummer 116117 er tatt i bruk.

### *Barneverntenesta*

- Barneverntenesta har hatt nedgang i talet på uro-meldingar. Barneverntenesta fekk 0,5 tiltaksstilling frå staten i 2014, og denne stillinga vert nytta til å få kompetanse på tiltakssida. Det er også planlagt ei felles tiltaksavdeling med dei andre Jærkommunane.

### *Helsestasjonane*

- Helsestasjonen vart styrka ved at det vart tilsett 190% stilling som helsesøster i 2015. Skulehelsetenesta fekk den største auken i tillegg til Vigrestad helsestasjon Hausten 2015 starta arbeidet med intern revisjon og kvalitetssikring av heile tenesta. Helsestasjonane har tatt igjen etterslepet og er à jour når det gjeld kontroll av 2- og 4-åringar.

### *Kommunale bustader*

- Talet på søkarar til kommunale bustader for vanskelegstilte var totalt 111 i 2015 mot 114 i 2014, av dette var det 75 nye søkarar mot 71 nye søkarar i 2014. 42 er innvilga bolig i 2015. Av disse var 25 nye søknadar, det vil si at dei ikkje bodde i kommunal bolig fra før. 17 husstandar var flyktningar.

### *Klagar*

- Innan pleie og omsorg og psykisk helse- og rusvern er det mottatt 14 klager i 2015 etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, mot 14 klager i 2014. 10 saker vart sende vidare til Fylkesmannen, mens det i 2014 vart sendt vidare 10 saker. Kommunen fekk medhald i 3 saker, mot 3 saker i 2014, og 0 saker gav klagar medhald (det same som førre året). 3 saker var det ikkje kome svar på, mot 3 i 2014, og 4 saker er oppheva av Fylkesmannen med krav om ny handsaming av kommunen.
- Helsetenesta har mottatt 11 klager i 2015, mot 11 klager i 2014.
- NAV/sosialtenesta har mottatt 6 klagar på vedtak om økonomisk sosialhjelp, mot 10 klagar i 2014. Kommunen har fått medhald av fylkesmannen i alle klagene.

### **Helsetenesta**

I 2015 hadde 17721 personar fastlege i Hå, mot 17395 i 2014. Det er ein auke på 326 personar frå året før. Det er ledig listeplass ved Varhaug legekantor, utover dette er det sporadisk ledig listeplass hos legane. På grunn av foreldrepermisjonar, sjukdom og ferieavvikling vart det leigd inn 7 vikarlegar i 2015, mot 8 vikarlegar i 2014.

Fengselhelsetenesta har gjennomført 503 inkomstsamtalar i Åna fengsel, samanlikna med 555 inkomstsamtalar i 2014 noko som betyr at dommane er lengre. Fengselet har 179 soningsplassar og det vert gitt sjukepleiartenester, legetenester, fysioterapi og pleie- og omsorgstenester i fengselet. 57 har hatt legemiddelassistert rehabilitering i løpet av året, mot 54 i 2014. Det har vore 6 innsette med fysisk funksjonshemming dei to siste åra og 3 personar har hatt behov for pleie- og omsorgstenester frå kommunen, mot 1 person i 2014. Over 70% av dei innsette har eit rusproblem. Fylkesmannen hadde i 2015 tilsyn med legemiddelhandteringa i fengselet.

Legevakta har overtatt legevakttelefonen for Dalane-kommunane heile døgnet. Det er sjukepleiar som gjer vurdering og set opp timeavtalar til lege. Henvendingar i 2015:

	Hå	Dalane	Samla
Legevakt Bekkeheien	8 606	8306	16 912
Nattevakt sjukeheimen	1833	1504	3 337

Legevakt på dagtid i Hå går i hovudsak til fastelegen. For Dalane kom det gjennomsnittleg 10 henvendingar med ein variasjon frå 2 til 37 per dag.

Fysioterapi- og ergoterapitenesta har totalt gitt 6921 konsultasjonar til 872 pasientar, mot 6708 konsultasjonar til 779 pasientar i 2014. Ergoterapitenesta har gitt 381 konsultasjonar i løpet av året, mot 373 i 2014. Syn- og hørselskontakt har gitt bistand til 93 personar mot 92 personar i 2014. Totalt har fysioterapi- og ergoterapitenesta hatt 1463 tilvisingar i løpet av året, mot 1404 i 2014. Avdelinga arrangerer i tillegg 14 ulike behandlingstilbod til grupper, 7 meir enn i 2014 (av desse er 7 bassenggrupper og 5 grupper på institusjon).

Individuell plan/medisinsk rehabilitering. Det har vore 22 personar med aktiv individuell plan i løpet av året mot 29 personar i 2014.

Frisklivs- og meistringssenteret har i 2014 hatt 97 nye tilvisingar mot 95 nye tilvisingar i 2014. Frisklivssentralen samarbeider nå tettare med frisklivssentralane i Klepp, Time og Gjesdal. Kurs vert arrangert på tvers av kommunegrensene. Det er arrangert 8 kosthaldskurs og 2 røykesluttkurs dette året, mot 2 kosthaldskurs og 0 røykesluttkurs i 2014. 42 gravide har nytta seg av tilbod om bassengtrening i løpet av året, mot 43 gravide i 2014. Frisklivs- og meistringssenteret samarbeider med Jæren DPS og nabokommunane om «Aktiv på dagtid». I tillegg har Frisklivs- og meistringssenteret i samarbeid med Nærland Rehabilitering arrangert meistringskurs for KOLS-pasientar og personar med fedme.

Miljøretta helsevern. Det er gitt uttale til planar og utførd synfaring ved barnehagar og skular. Arbeidet blir i stor grad utført av miljøhygienikar i interkommunal ordning knytt til Brannvesenet Sør-Rogaland. Ein er à jour i forhold til krav om godkjenning av skular og barnehagar og tilsyn med desse om lag kvart tredje år. Badevatn på 10 ulike stader i 5 veker i sommar i kommunen vart kontrollerte i samarbeid med tenesteområde for tekniske saker og næring. Same tal badevatn vart kontrollerte i 2014. Totalt vart det tatt 39 prøvar både i 2015 mot 36 i 2014.

Det vart påvist resistente bakteriar (MSRA) i 5 grisebesetningar. Dette er ein bakterie som kan smitte frå folk til dyr og motsett. Ca 50 personar vart testa, og 5 var positive og vart behandla.

## NAV/sosialtenesta

Tabellen under syner talet på stønadsmottakarar og fordeling på stønadstypar. Som følgje av ein stramare arbeidsmarknad har NAV opplevd ein stor auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Dei fleste som er brukarar har ikkje opparbeida seg rett til dagpengar, eller er tilsett på deltid utan å ha nok å leva av. I tillegg er noko er supplerande sosialhjelp ved sida av statlege ytingar som uføretrygd og arbeidsavklaringspengar.

	2011	2012	2013	2014	2015	Endring
Økonomisk sosialhjelp	6 699 859	7 821 694	10 028 221	9 229 299	12 262 642	3 033 343
Sum stønadsmottakarar	213	236	227	291	324	33

Sosialhjelp flyktning (0-5 år)	1 612 281	1 775 345	1 400 000	2 873 378	3 972 049	1 098 671
Sum stønadsmottakarar				57	77	20

Det er gitt gjeldsrådgjeving til ca. 85 personar i løpet av året, mot 80 i 2014.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp har auka både til ordinær sosialhjelp og til flyktningane. Kommunen har tatt imot 35 flyktningar i 2015 mot 25 i 2014. Dei har rett på mellom anna etableringstilskot og tilskot til livsopphald/husleige frå busettingstidspunkt og fram til start av introduksjonsprogrammet. Her får deltakarane utbetalt introduksjonsstønad, med noko supplerande til livsopphald.

Det har vore 18 deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet i 2015. 2 har slutta og 2 nye har begynt. NAV Hå arbeidar mot å auka talet på deltakarar i 2016.

29 personar har vore sysselsette i varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA), mot 30 personar i 2014. I tillegg er det 3 personar med varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift.

Tettare oppfølging frå NAV for mottakarar av økonomisk sosialhjelp har gitt ein stor auke i talet på deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet, frå 3 i januar 2014 til 16 i januar 2015.

Vedlikehaldsverkstaden har utført arbeid på oppdrag av tenesteområda i kommunen. Det har vore god tilgang på arbeidsoppgåver. 34 personar har hatt arbeid/arbeidstrening/opplæring i løpet av året, mot 18 året før. Auken skuldast at fleire har vore inne kortare periodar for å prøve ut arbeidsevna si.

## Barnevern

Det kom totalt 235 bekymringsmeldingar i løpet av året, mot 324 i 2014. Dei fleste meldingane kom frå skule, barnehage, politi og frå barnet sitt nettverk. Barnevernet overheldt fristane for gjennomgang av meldingar. Det vil seie at barnevernet gjekk gjennom alle meldingane innan 6 dagar. Det var 6 akuttsaker i løpet av året, mot 5 akuttsaker i 2014.

	2011	2012	2013	2014	2015
Bekymringsmeldingar	167	244	257	324	235
Nye undersøkingar	155	179	170	228	207
Avslutta undersøkingar	15	188	128	189	227
Bortlagde undersøkingar	4	80	50	113	121
Saker sende til fylkesnemnda	0	5	7	5	0

*Tal frå Barne-, likestillings- og familiedepartementet*

Reduksjonen i saker som er sendt til Fylkesnemnda skuldast fokuset barnevernet har hatt på hjelpetiltak etter avslutta undersøking. Før ei eventuell omsorgsovertaking er ulike hjelpetiltak utprøvd.

Tabellen under syner tal på ulike tiltak i barnevern tenesta.

	2011		2012		2013		2014		2015	
	1. halvår	2. halvår	1. halvår	2. halvår	1. halvår	2. halvår	1. halvår	2. halvår	1. halvår	2. halvår
Tal barn i hjelpetiltak	99	111	124	108	96	98	96	98	112	113
Tal barn i institusjon, utan samtykke	3	3	1	1	1	0	1	0	1	1
Tal barn i institusjon, med samtykke	0	0	0	0	0	1	0	1	0	0
Midlertidig vedtak i akutsituasjon	1	2	3	3	3	5	3	5	0	6
Tal fosterbarn kommunen har tilsynsansvar for	74	67	76	72	72	75	72	75	73	75
Tal barn plassert i fosterheim	52	59	47	52	59	54	59	54	54	61

## Helsestasjonane

Talet på fødsler i kommunen har vore 270, mot 286 i 2014. Det er gitt reisevaksine til 385 personar, mot 476 i 2014. Det har vore totalt 738 reisevaksinekonsultasjonar mot 768 reisevaksinekonsultasjonar i 2014.

37 personar har deltatt i «Hopp i Hå» som er eit opptrenings- og meistringstilbod til overvektige barn og deira føresette, samanlikna med 29 personar i 2014. Prosjektet er drive av helsestasjonen i samarbeid med fysioterapitenesta og Frisklivs- og meistringssenteret.

Jordmor har i 2015 hatt 286 konsultasjonar (nye gravide), som i 2014.

Helsestasjon for ungdom har ope 2 timar i veka i lokale på Nærbø og er for ungdom frå 13-20 år. Talet på besøkande har vore 160 mot 193 i 2014. Dei fordelar seg på 138 jenter og 22 gutar. 97 kjem frå Nærbø, 5 frå Varhaug, 9 frå Vigrestad, 6 frå Brusand/Ogna/Sirevåg og 43 frå andre kommunar (Tryggheimselevar). Målet er undervising av alle 10. klassar i kommunen. Denne tenesta er styrka med 10% (20% i alt) i 2015.

På grunn av utviding til forsterka mottak på Nærland der det vart teke imot 56 einslege mindreårige, vart stillinga som helsesøster auka med 20% stilling (50% i alt). Det vart gjort 46 førstegongs samtalar (10 har flytta).

Avdelinga for smittervern ved helsestasjonen har konsultert 29 busette flyktningar der 6 av dei har fått familiesameining med i alt 25 familiemedlemmar.

Heile tenesta er under intern revisjon og kvalitetssikring. Arbeidet starta hausten 2015.

## Omsorgstenesta

Tabellen syner talet på personar som har fått tenester frå kommunen si heimeteneste.

	2011	2012	2013	2014	2015
Heimesjukepleie	408	418	420	424	420
Praktisk bistand	370	366	357	313	308

Av dei som fekk heimesjukepleie var 175 menn og 245 kvinner mot 169 menn og 255 kvinner i 2014. Talet på brukarar av heimebaserte tenester held seg stabilt for

heimesjukepleie. Det ein ser er at pasientar vert skrivne raskare ut frå sjukehus og ein får derfor heimebuande pasientar som er dårlegare enn før. Dette fører til at heimetenesta no utfører meir kompliserte sjukepleiefaglege oppgåver i heimane enn tidlegare.

Nedgang i praktisk støtte kan forklarast med strengare kriterium for å få tenesta. Kriterium for å få tenesta vart innført i slutten av 2012 og effekten av det som vi såg i 2014 held fram.

Tabellen under syner talet på personar med dei ulike tenestene pr. 31. desember for kvart år på Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim og Heimtun.

	2011	2012	2013	2014	2015
Langtid	91	98	110	110	110
Avlastning	12	5	16	22	15
Avslag søknadar langtids plass	3	6	16	11	4
Klagar avslag søknad om langtids plass	0	1	1	2	2
Snitt butid langtids plass	2 år	1,5 år	3 år	2,4 år	2,6 år


162 personar har hatt korttidsopphald i løpet av året, samanlikna med 170 året før. Personalet ved Heimtun har også ansvar for tenester til bebuarane i 32 trygde- og omsorgsbustader.

108 personar har fått tilbod om strakshjelp gjennom 159 opphald. Samanlikna fekk 70 personar tilbod om strakshjelp gjennom 94 opphald i 2014. Hovuddelen av dei som fekk strakshjelp i kommunen vart skrivne ut til heimen eller gjekk over til korttidsopphald ved sjukeheimen. 21 vart innlagde ved sjukehus ,mot 8 innlagde ved sjukehus over til i 2014.

51 personar har fått lindrande behandling i heimen mot 52 i 2014.

Tenesteområdet sine dagavdelingar for eldre gjev aktivitetstilbod og fungerer samtidig som avlastning for pårørende, heimetenesta og institusjonane. Totalt 77 personar har hatt vedtak om tenesta mot 63 i 2014.

Kvardagsrehabiliteringa starta opp 01.09.15. Det er kome inn 12 søknadar, av dei fekk 7



innvilga tenesta. Av dei 5 som ikkje har fått tenesta var 2 ikkje kvalifiserte og 3 ville ikkje nytta seg av tilbodet. Desse har vist pasientar til kvardagsrehabilitering:

Dagavdeling for psykisk utviklingshemma har eit godt og variert tilbod. 26 personar nytta denne tenesta i året som gjekk mot 28 i 2014. Det er fleire som ynskjer dette tilbodet.



Dagavdeling for psykisk utviklingshemma inkluderer Grøn omsorg. Dette er eit dagtilbud på Lode gard.

Blåbærtua avlastningsbustad har totalkapasitet på 2190 avlastningsdøgn pr. år, men det manglar bemanning til å utnytte denne kapasiteten.

	2011	2012	2013	2014	2015
Blåbærtua – brukarar	13	14	14	14	15
Blåbærtua avlasting døgn	1082	1014	900	936	1024
Privat avlasting	34	22	18	27	36
Støttekontakt *	*	*	*	*	114
Omsorgsløn – personar	21	18	20	21	22
Brukarstyrd personleg assistent (BPA)*	*	*	2	3	4

Det har vore 167 heimebuande funksjonshemma med tenester i løpet av året mot 137 i 2014. Av desse er 80 under 18 år, mot 90 i 2014.

Det er 8 bufelleskap i kommunen med til saman 50 leilegheiter. 6 av desse har døgnbemanning. I 2015 var det 2 personar som flytta inn i kvar sin leilegheit mot 0 i 2014. Det vart oppretta 1 barnebustad.

I avdeling for heimebuande funksjonshemma har talet på brukarar auka med 46% frå 2013 til 2015. Det er ein klar trend i auka tal på brukarar og at behova er meir samansette enn tidlegare.

44 personar budde i omsorgsbustad med fast personell heile døgnet, det same talet som året før. I tillegg bur 6 i bustad utan personalbase, men mottar tenester. Tenestene er i hovudsak gjevne av personale frå nærliggjande bufelleskap.

## Psykisk helse og rusvern

Psykisk helse og rusvern har gitt tenester til totalt 296 personar mot 294 personar i 2014. 198 personar har fått heimeteneste mot 210 i 2014. Andre tenester som ligg i desse tala er fordelte på gruppetilbod og støtte- og treningskontakt. 13 personar har fått institusjonstenester (inkludert korttidsopphald) på Vinkelbygget, 16 (av dei 1 mindreårig) personar har hatt bustad i hybelhuset og 2 personar har nytta krisehybel i hybelhuset. I 2014 fekk 15 personar institusjonstenester, 17 fekk bustad i hybelhuset og 2 personar nytta krisehybel. Aktivitetssenteret har gitt tilbod til ca. 80 brukarar i gjennomsnitt pr. veke, mot 90 i 2014.

Heimetenesta har gjennomført kurs i depresjonsmestring (KID) for 19 personar i 2015.

Psykiatritenesta har utført 175 kartleggingar i løpet av året mot 126 i 2014. Dette talet har stige jamt og trutt dei siste åra.

Rusverntenesta har hatt 76 klientar mot 55 i 2014. 6 personar har fått tenesta bustadsosialt arbeid i løpet av året mot 25 i 2014. Denne nedgangen skuldast at dette tilbodet er registrert i andre tenestetypar i 2015.

Brukarplanundersøkinga frå 2015 syner ein auke i tala kring kvinner med som har utfordringar med rus. Dette skuldast truleg at vi har hatt ein prosjektstilling som har arbeidd målretta for å identifisere kvinner med utfordringar knyta til rusmiddelbruk.

Familiesenteret har ytt psykisk helsearbeid til 238 personar, samanlikna med 210 personar i 2014. Talet på personar inkluderer foreldre og barn/unge som har fått råd og rettleiing. Familiesenteret har hatt 166 nye førespurnader i 2015. Det er også gitt gruppetilbod til 19 jenter fordelt på to grupper (vår og haust) mot 16 i 2014. Det er i tillegg gitt gruppetilbod for foreldre, COS (Circle of Security Parenting), tre grupper, kor totalt 16 føresette har deltatt, mot 8 i 2014. Familiesenteret har også gitt tilbod om samtalar til einslege mindreårige, totalt 4 barn.

## Andre tenester

Det er gitt 24 ambulerande løyve og 41 løyve til sal og skjenking ved enkelt høve, mot 19 ambulerande løyve og 21 løyve til sal og skjenking i 2015.

Sals-/skjenkekontrollen har gjennomført 65 kontrollar i samsvar med Alkoholova, og 35 tilsyn med heimel i Tobakkskadelova, mot 66 kontrollar og 36 tilsyn i 2014. Det var ingen brot på Alkoholforskrifta i samband med skjenking som har vorte behandla i utval for helse- og sosialsaker. Det vart funne til saman 3 avvik på ambulerande skjenkeløyve, mot 11 i 2014 der det i hovudsak gjaldt reklame på skjenkestadene.

Tenesteområdet har 59 bilar, mot 57 bilar i 2014. Det er seld 4 og kjøpt 6 bilar, mot 1 seld og 7 kjøpt i 2014. Ordninga med at tenesteområdet hadde ansvar for 10 private trygdebilar vart avvikla i 2015.

## ***Kva kan gjerast betre?***

- Kommunen skal busetje mange flyktningar i åra som kjem. Det blir viktig å få til ei god integrering. I samspel med dei frivillige vil vi ha fokus på dette arbeidet.
- Sikre god nok kvalitet på tenestene ved å innføre systematiske brukarundersøkingar.
- Timebestilling til lege via internett.

# Tekniske saker og næring

## Utbygging for framtida

Også i 2015 var aktiviteten innanfor tenesteområdet tekniske saker og næring prega av arbeidet med store plan- og utbyggingssaker. Reguleringsplanen for vidare utbygging av eit område for om lag 330 nye bustader i Stokkalandsmarka vart godkjent av kommunestyret og opparbeidinga av det første feltet med 32 einbustadtomter vart gjennomført. Bygging av parsellar av nye omkøyringsvegar på Nærbø og på Vigrestad kom i gang. Reguleringsplanar for næringsområda i Krusemarka og Tjemslandsmarka vart godkjent og opparbeidinga av Tjemslandsmarka vart starta opp. Opprusting av VA-anlegga og veganlegga med trafikksikringstiltak i Gudmestadvegen og Vågen/Skansabakken pågjekk for fullt. Det vart bygd ny gang- og sykkelveg frå Prestakrysset til Skrettinglandvegen og frå Nærland til Klepp grense og kommunestyret godkjente reguleringsplan for ny omkøyringsveg nord for Brusand.

2015 var også karakterisert av eit sterkt fall i byggeaktiviteten av nye bustadar i kommunen. Mens det i dei næraste 5 åra før er bygd i gjennomsnitt ca 195 i året, vart det bare sett i gang bygging av 99 bustadar i 2015. Bare ei av dei 32 byggeklare tomtene i det nye byggefeltet i Stokkalandsmarka vart selt. Det har også tidlegare vore stor variasjon i byggeaktiviteten frå år til år. Utviklinga i 2015 gir likevel ei viss usikkerhet om korleis utviklinga vil bli dei næraste åra framover.

### Generelt

Tenesteområdet hadde i 2015 55,52 stillingsheimar, opphavelig driftsbudsjett var på 125,3 millionar kroner med ei nettoutgift på 34,2 millionar kroner og eit investeringsbudsjett på 156,5 millionar kroner.

Millionar kroner	Rekneskap		Budsjett
	2014	2015	2015 *)
Driftsutgifter	166,2	165,4	160,6
Driftsinntekter	-132,6	-130,8	-126,8
<b>Netto ramme</b>	<b>33,5</b>	<b>34,6</b>	<b>33,8</b>

\*) Budsjett inkl endringar

Rekneskapa frårekna sjølvkosttenestane (VAR-området) syner eit overskot på ca. 662.000 kroner. På grunn av lågt rentenivå vart dei faktiske kapitalkostnadane innafor VAR-tenestane lågare enn budsjettert. Dette førte til at desse tenestane gjekk med eit underskot på samla 1,42 millionar kroner. For tenesteområdet blir då det samla resultatet eit underforbruk på 758 000 kroner.

For renovasjonen var det eit overforbruk på 2,004 millionar kroner. For avløp var det eit mindreforbruk på 2,275 millionar kroner, mens det for vatn var eit overforbruk på 592.000 kroner. Desse resultatata vert rekna av mot fond som må nyttast til formål innanfor VAR-sektoren. Tilsvarande er det for teneste 3030 oppmåling for 2015 eit overskot

på 459.000 kroner, for teneste byggjesak eit overskot på 796.000 kroner mens det for teneste 3380 feing/tilsyn var eit overforbruk på 58.000 kroner.

## Investeringar

Millionar kroner	2011	2012	2013	2014	2015	Budsjett 2015 *)
Teknisk og næring	49,1	59,2	54,5	83,0	182,6	196,5

Dei store prosjekta går stort sett etter planen. Utgiftene i 2015 har hovudsakleg gått til bustad- og industriområder (rundt 60 millionar kroner), vass-, avløp- og kloakk (rundt 55 millionar kroner), vegar-, trafikksikring og sentrumsutvikling (rundt 55 millionar kroner), i tillegg kjem lagerbygg på Pytten, bilar og gatelys på rundt 13 millionar kroner.

Dei noko lågare utgiftene enn justert budsjett har i hovudsak samanheng med at ein ikkje har fått selt like mange tomter i Stokkelandsmarka som ein trudde tidlegare på året.

Utval for tekniske saker og næring hadde i 2015 11 møter og behandla 189 saker:

År	Reg.	Deling	Bygg	Klage	Konsesj.	Utb.avt.	Veg/trafikk	Budsjett	Div.	Sum
2015	26	16	36	44	7	2	6	10	42	189
2014	26	30	52				7			169
2013	35	19	89				9			211
2012	34	34	67				6			206

Av dei 44 klagesakene vart 18 tatt til følgje, medan 26 ikkje vart tatt til følgje og sendt vidare til fylkesmannen som klageinstans.

## Arealplan

I 2015 vart arbeidet med å få ferdigbehandla reguleringsplan for nytt bustadfelt i Stokkelandsmarka og for omkøyringsveg nord for Brusand høgt prioritert.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Godkjende priv. reguleringsplanar	Stk	0	0	3	3	5	5
Godkjende kom. reguleringsplanar	Stk	3	3	3	5	3	5

- Følgjande kommunale reguleringsplanar vart godkjende: Tjemslandsmarka industriområde, Varhaug, Krusemarka industriområde, Nærbø, Friestad vindpark, Gang- og sykkelveg langs fv 44, Varden – Bogsdalen, Fv 160 Bernervegen, parsell rundkøyring fv 159/Store Ring, Nærbø.
- Det vart utarbeidd forslag til reguleringsplan for ny barnehage på Vigrestad, ny skule på Ognå og eit førsteutkast til bustadfeltet Hadlandsdalen, Stokkelandsmarka.
- Det vart starta arbeid med reguleringsplan for Jærmuseet. Det vart også arbeidd med planar for vidareføring av omkøyringsvegen nord for Brusand over jernbanen, opp til Stokkelandsmarka og vidare austover til den møter dagens fv 133 (Fuglestadvegen).

## Byggjesak

Etter gjeldande bustadbyggingsprogram (Kommuneplanen) var det lagt til grunn at det skulle byggjast 166 bustader i 2015. Det vart likevel ein markert nedgang som truleg i alt vesentleg skuldast usikkerhet knyta til den økonomiske utviklinga i regionen. Behandling av næringsbygg har høg prioritet.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Godkjende bustader (bueiningar)	Stk	163	111	324	208	171	99
Saker etter delegasjon	Stk	465	506	512	502	569	408
Gitt byggjeløyve	Stk	221	330	308	362	366	295
Erklæringar om konsesjonsfridom	Stk	65	66	75	85	107	101
Eigedomsopplysningar til meklar	Stk	263	250	317	364	327	321

- Meklaropplysningane vart frå 01.07.2015 levert elektronisk gjennom Ambita AS.

## Kart og oppmåling

Tenesteområdet skal framskaffe og vedlikehalde eit tilfredsstillande kartverk i samsvar med sosi-standarden for kommunen. Arbeidet med adressering av eigedommar, gjennomføring av kart- og delingsforretningar og produksjon av matrikkelbrev er også lagt til avdelinga.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Nye matrikkeleiningar	Stk	174	140	258	235	238	190
Samanføring av eigedomar	Stk	12	6	7	20	18	15

- Det vart tildelt 47 nye vegadresser i kommunen.
- Det vart gjennomført eit omfattande arbeid med å halde det digitale kartverket ajour.
- Ny fotogrammetrisk kartlegging og ortofoto vart produsert i 2015. Det vart også gjennomført ein overgang til nytt høgdegrunnlag (NN 2000) for alle kartdata.

## Bustadfelt

Etter økonomiplanen skulle det tilretteleggjast for sal av 4 einebustadtomter i Austmarka på Vigrestad og 32 einebustadtomter i Stokkalandsmarka i 2015. Det er tidlegare gjort vedtak om at det alltid skal vere byggeklare tomter i Stokkalandsmarka for sal.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
VVA-anlegg, kommunale felt	Daa	12	25	28	9	0	32

- Reguleringsplan for Stokkalandsmarka aust med plass for ca 330 bustader vart godkjent i 2015 og første delfelt (32 tomter) vart opparbeida og klargjort for sal.
- Det vart seld 3 einebustadtomter i Stokkalandsmarka nord og ei tomt det nye feltet i Stokkalandsmarka aust.

- Det vart heller ikkje i 2015 oppnådd semje med grunneigar for del av Austmarka om innhaldet i grunnkjøpsavtalen. Feltet kunne derfor ikkje opparbeidast i 2015.

## Næringsområda

Det er i løpet av dei siste åra budsjettert med midlar til opparbeiding av næringsområda Krusemarka på Nærbø, Tjemslandsmarka på Varhaug, Stokklandsmarka sør og Nylund, Sirevåg. I økonomiplanen var det lagt til grunn at det skulle seljast 4 da næringsareal i Stokkalandsmarka og 4 da i Skoga.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
VVA-anlegg, kommunale felt	Daa	40	0	0	0	0	0

- Det vart selt 2 næringstomter og eit tilleggsareal til næringstomt på til saman ca 8 da i næringsområdet i Stokkalandsmarka og ei tomt på ca 2,4 da i Skoga.
- Reguleringsplan for Krusemarka næringsområde vart godkjent i 2015 og opparbeidinga kan påbegynnast i 2016.
- For Tjemslandsmarka er det avhalde frivillig avtaleskjønn for innløyning av resterande grunnareal. Opparbeidinga av feltet starta opp i 2015 og tomteareal vil vere klar for sal i 2016.
- Før Stokkalandsmarka sør kan tilretteleggast for tomtosal, er det stilt som rekkefølgekrav at ny veg mellom fv 44 og Stokkalandsvegen nord for Brusand er bygd. Fleire forhold har gjort at dette ikkje har latt seg realisere i 2015, men framdrifta er nå slik at opparbeiding av deler av industriområdet kan startast i 2016.
- I Nylund pågjekk det også i 2015 utsprenging, knusing og borttransport av steinmassar som del av klargjeringa av industriområdet. Utsprenginga er venteleg klar i løpet av 2016 og området vil då vere klar for utbygging.

## Trafikksikring

I økonomiplanen med Trafikksikringsplan var gang- og sykkelveg Prestakrysset – Skrettinglandvegen og trafikksikring av krysset Gudmestadvegen – Bernervegen på Nærbø, prioritert høgast. Frå tidlegare er det sett av midlar til gang- og sykkelvegsamband Kviamarka – Nærbø.

Det var sett av 0,5 mill kroner til oppsetjing av gatelys langs fv 181 mellom Ånestad og Åna.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Kommunale vegar. Nyanlegg	M	1 500	735	1 060	740	440	580
Reasfaltering	M	900	4 505	755	1 160	2 600	
Private vegar med tilskot til grusing	M	0	1 250	4 820	2 950	1 040	

- I samsvar med samarbeidsavtale med Rogaland fylkeskommune vart gang- og sykkelveg langs Buevegen frå Prestakrysset til Skrettinglandvegen bygd ferdig og opna i 2015.
- Forbikøringslomme i krysset fv 44/fv 160 (Nesheim-krysset) vart bygd i 2015.

- Fylkeskommunen bygde gang- og sykkelveg langs fv 507 frå Nærland til Klepp grense.
- Kommunestyret godkjente i 2015 reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs fv 44 mellom Grødal og Bratland og mellom Varden og veg inn til Bogsdalen.
- Sikring av «Statoilkrysset» og oppgradering av Gudmestadvegen forbi Nye Bø skule med m.a. ny fotgjengerundergang vart gjennomført i 2015.
- Gatelys langs fv 156 v/Jærmuseet vart sett opp (TS-midlar).

## Veganlegg

I økonomiplanen har fleire store vegprosjekt vore prioritert for gjennomføring i fleire år: Omkøyingsveg Nærbo (Bernervegen – Bjorlandsvegen), Gudmestadvegen (Bø skule/trafikksikringstiltak) omkøyingsveg Vigrestad (Småhaugane – Småhaugvegen), ny omkøyingsveg Brusand (Fv 44 – Stokkalandsvegen) og opprusting Skandsabakken/Vågen i Sirevåg.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Kommunale vegar. Nyanlegg	M	1 500	735	1 060	740	440	800
Reasfaltering	M	900	4 505	755	1 160	2 600	3 234
Private vegar med tilskot til grusing	M	0	1 250	4 820	2 950	1 040	1 950

- Per 31.12.2015 har Hå kommune 152 600 meter kommunale vegar.
- Vedlikehaldet hadde i 2015 eit overforbruk på ca 160 000 kroner.
- Bygginga av del av omkøyingsveg Nærbo, etappe Bernervegen – Bjorlandsvegen, vart starta opp i 2015 med forventa ferdigstilling sommaren 2016.
- Del av omkøyingsveg Vigrestad, etappe Småhaugane – Småhaugvegen, vart bygd i 2015. Planarbeid for neste etappe, Småhaugvegen – Grønholsvegen, pågjekk.
- Kommunestyret godkjente i 2015 reguleringsplan for ny omkøyingsveg nord for Brusand, etappe fv 44 - Stokkalandsvegen. Teknisk planlegging vart gitt høg prioritet og forventa anleggsstart sommaren 2016. Planarbeid for vidareføring av vegen over jernbanen og inn til Stokkalandsmarka har pågått.
- I samarbeid med Rogaland fylkeskommune vart Buevegen opprusta og breiddeutvida mellom Prestakrysset og Skrettinglandvegen.
- Opprusting av Skandsabakken i Sirevåg vart ikkje fullført som planlagt i 2015. Vesentlege ekstraarbeid, m.a. sikring (spunting) mot utrasing og gjenoppbygging av støttemur, har medført vesentlege ekstrakostnader og forseinkingar. Arbeida vil bli slutført i 2016.

## Parkar og leikeplassar

Kommuneplanen inneheld retningslinjer for planlegging og utforming av grøntdrag og leike- og opphaldsareal i tettstadene. Planen har føresegner om utforming av leike- og opphaldsareal. Med ei tettstadsutvikling med auka satsing på konsentrerte buformer, blir bumiljø og grøntanlegg stadig viktigare.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Ferdigstilte leikeplassar	Stk	8	8	5	1	3	1

- Ny parkeringsplass ved Nærbøparken vart bygd. Det vart også starta eit arbeid med oppgradering og fornying av sjølve parken.
- Det vart bygd fleirbruksbane og tursti i Stokkalandsmarka (nærmiljøanlegg).

## Brann og feiing

Auken i folketalet i kommunen har direkte verknad for dimensjoneringa av brannvernet. Det førebyggjande arbeidet er viktig for å hindre brannar og ulukker. I samsvar med vedtak i f.sak 25/14 utarbeida ekstern konsulent ei vurdering av den framtidige organiseringa og dimensjoneringa av brannvernet. Rapporten vil bli lagt fram til politisk behandling i 2016.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Brannutrykkingar	Stk	133	140	140	170	155	139
Brannsyn i § 13-bygg	Stk	156	154	160	160	160	158
Brannsyn i bustader	Stk	985	1 800	1 657	1 180	1 265	737
Piper som vart feia	Stk	1 950	2 055	2 003	1 695	1 700	1907

- Ein aukande del av utrykkingane i brannvernet er knytta til andre typar hendingar og ulukker enn brann, t.d. trafikkulukker, hjertestans, flaumskadar og liknande. I 2014 utgjorde denne type redningsoppdrag 26,4% av det totale talet, og for 2015 var talet 33% av utrykkingane. Brannvernet styrka i 2015 sin kompetanse med deltaking i Norsk luftambulanses sitt prosjekt «Mens du venter på ambulansen» Alle 40 brannmannskap gjennomførte opplæringa. Utstyr er utplassert på Nærbø- og Vigrestad brannstasjonar.
- Det nye nasjonale naudnettet vart offisielt teke i bruk 18.februar 2015. For brannvernet har det gitt auke i driftsutgiftene, samstundes som sambandet og kommunikasjon har vorte vesentleg styrka med den nye løysinga.
- Det vart kjøpt ny vaktbil og ny stigebil med 32 m redningsstige i 2015.
- Brannsyn i bustader for 2015 er noko lågare enn det burde vera, men det vert arbeida med ein plan i 2016 for å henta inn etterslepet.





Brannsjef Per Ivar Aniksdal øver brannmannsløft med Helge Åsland. Foto: Anne Lise Norheim

## Vassverk

For ein kommune med mykje næringsmiddelindustri er ei god og sikker vassforsyning viktig. I dag har kommunen ein-sidig forsyning frå IVAR sin hovudleidning som kjem nordfrå og går fram til Sirevåg i sør. Reduksjon av lekkasjar, bygging av ringleidningar og utskifting av eldre leidningsanlegg, m.a. eternitleidningar, er viktige tiltak for sikring av ei god vassforsyning. Inndeling av vassnett i soner med sonevis vassmåling og utskifting av gamle vasskummar er viktige verkemiddel for å avdekke vasslekkasjar.

Aktivitet	Eining	2011	2012	2013	2014	2015
Abonnentar knytte til kom. vassverk	Stk	5 821	6 008	6 203	6 620	6 953
Lagt vassleidningar i tettstader	M	1 681	1 256	270	2 178	1 874
Lagt vatn i spreidd busetnad	M	300	3 950	0	5 119	5 792

- Per 31.12.2015 eig kommunen 277 399 meter vassleidningar.
- Det vart bygd 2 nye trykkreduksjonstasjonar i 2015.
- Det er starta eit planarbeidet for å sikra vassforsyning gjennom kommunale leidningar ved brot eller vedlikehald av IVAR sin hovudleidning.
- Sanering av vassleidning frå Efjestad til Håland høgdebasseng vart starta i 2015. Arbeidet skjer i samarbeid med Jæren Everk.
- Det vart lagt ny vassleidning langs Buevegen frå Ualand fram til Time grense. Vassleidning frå Brusand vart lagt fram til Fredheim i slutten av året.

- Det vart i 2015 føretatt berekningar over kapasiteten på vassforsyningsnettet, dvs IVAR sin hovudleidning saman med kommunen sitt nett, i eit 50-års perspektiv. Resultatet av dette, vil bli lagt til grunn for ein ny Hovudplanen for vatn, avløp og vassmiljø som vil bli lagt fram til behandling i 2016.

## Kloakk

Handteringa av overvatnet er ein viktig del av arbeidet med sanering og oppdimensjonering av gamle avløpsanlegg. Hå betalar truleg om lag kr 2 mill kroner ekstra for unødvendig reinsing av regnvatn i året. Dette gjeld innlekkasje av regnvatn i kloakkleidningar, for eksempel i form av overløp mellom kloakk og overvassledningar m.m.


Handtering av overvatnet frå tettstadane har blitt meir omfattande og utfordrande grunna auka nedbørintensitet dei siste åra. Arbeidet med å oppdimensjonera overvassleidningar, fjerna fellessystem, oveløp og feilkoplingar er gitt høg prioritet. Dette er eit omfattande og langsiktig arbeid. I Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø vil innehalde oversikt over aktuelle tiltak i eit langsiktig perspektiv. Det vil også omfatte handtering av dei flaumutfordringane kommunen har. Ein eigen konsulentrapport om overvann- og flaumsituasjonen rundt tettstadane vart utarbeida i 2015 og vil bli lagt fram til politisk behandling i 2016.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Abonnentar knytta til kom. kloakk	Stk	5 555	5 662	5 953	6 206	6 615	6 664
Lagt avløp i spreidd busetnad	M	4 200	300	3 950	0	5 119	6 630
Lagt avløp i tettstader	M	2 513	1 681	1 256	270	2 178	6 630
Abonnentar med slamtømming	Stk	454	437	409	397	390	355

- Per 31.12.2015 eig kommunen 376 498 med avløpleidningar.
- I 2015 vart kloakksaneringa i området rundt helsesenteret på Nærbø ferdigstilt. Arbeidet med nye avløpsleidningar i Gudmestadvegen vart også fullført.
- Arbeid i Vågen/Skansabakken i Sirevåg og sanering av felleleidningar i Asalvegen på Nærbø pågår.
- Kloakksanering og vidareføring av ny overvassleidning i Opstadvegen aust for jernbanen vart starta etter at kryssing under jernbanen vart gjort.
- Sanering i Løgefeltet m.m. på Vigrestad vart meir omfattande enn først tenkt. Som ein fylgje av flaumen i 2014 er planane omarbeida. Planleggingsarbeida er i slutfasen og opparbeiding kan starte i 2016.
- Planane for flaumtiltakk for Bøbekken og i Haugstadskogen er stort sett ferdige. Nokre avklaringer med grunneigarane gjenstår.
- Arbeidet med ny kloakkleidning frå Brusand til Brusali pågår. Anlegget var ved slutten av året kome fram til Fredheim.
- Kloakkering og legging av vassledning, fiber og strauumm i same grøft for 6 eigedommar på Ualand langs Buevegen fram til Time grense vart gjennomført i 2015.

- Kloakering av området Reime – Sør-Reime - Grødaland vart starta.

Forholdet mellom kjøp og sal av vatn, og nedbør og avløpsmengder levert reinseanlegga.



Figuren ovanfor viser korleis avløpsmengdene varierer i takt med registrert nedbør i same periode. I enkelte periodar kan over halvparten av kloakkmengda til reinseanlegga vere overflatevatn. Figuren viser også kjøpt vatn per måned samanlikna med selt vatn (gjennomsnitt per år). Differansen utgjer vasslekkasjar frå vassleidningsnettet.

## Renovasjon

Kommunen har i dag innsamling av fire avfallsfraksjoner. Den sterke auken i konsentrerte buformer medfører ei aukande utfordring i forhold til plass og handtering av avfallsdunkane. Felles nedgravne avfallsløysingar er eit godt og arealsparande alternativ. Miljøstasjonen på Pytten er eit ekstratilbod til hushaldsabonnentane for levering av andre avfallsfraksjonar.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Abonnentar med kom.renovasj.	Stk	5 739	5 902	6 039	6 429	6 565	6 680
Abonnentar med heimekomp.	Stk	813	775	743	709	694	672
Restavfall	Tonn	1 522	1 529	1 710	1 862	1 919	2 325
Våtorganisk avfall	Tonn	1 494	1 567	1 496	1 382	1 405	1 450
Papir, papp og drikkekartong	Tonn	1 011	1 051	1 025	959	948	1 072
Plast	Tonn	216	219	227	274	246	286
Farleg avfall	Tonn	33	32	27	26	26	67
EE – avfall	Tonn	126	164	168	169	169	240
Glas og metall	Tonn	146	153	154	161	171	166

- Utvidinga av miljøstasjonen let seg heller ikkje gjennomføre i 2015 fordi det ikkje vart oppnådd semje med Rom eigedom om leige/kjøp av nødvendig areal.
- Nytt garderobe- og velferdsbygg i Pytten vart tatt i bruk i 2015.



*Dette er Habte Ogbasalsie som arbeider på Pytten. Foto: Anne Lise Norheim*

## Næring

Tilgang på byggeklare næringstomter er ein viktig del av næringsarbeidet i kommunen. Det er vedtatt at Skoga næringsområde skal vere kommunens hovudsatsingsområde for industriutbygging framover. Kommunen rådgir også mindre bedrifter/etablerarar om ulike problemstillingar. Byggesaker for næringsbygg blir prioritert.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Jæren Produktutvikling – prosjekt frå Hå	Stk	15	11	15	9	17	

- Det vart også i 2015 arbeidd aktivt med vidareutvikling av Kviamarka/Grødaland-området, særleg med tanke på utnytting av fornybar energi i samarbeid mellom bedriftene, Jæren fjernvarme og andre aktuelle energileverandørar.
- IVAR sitt nye biogassanlegg på Grødaland vart klar til prøvedrift. Bygging av forbikjøringslomme på fv 44 (rekkefølgekrav) vart ikkje gjennomført fordi det ikkje var mogeleg å oppnå avtale om grunninnløyising.
- Opparbeidinga av næringsområdet Tjemslandsmarka på Varhaug starta. Byggeklare tomter vil vere klar sommaren 2016.
- Reguleringsplan for næringsområdet Krusemarka på Nærbø vart godkjent av kommunestyret. Opparbeidinga kan starte i 2016 med byggeklare tomter i 2017.

## Hamner

Hamnedistriktet omfattar nå alle hamnene i kommunen, der Sirevåg er den klart største og viktigaste. Sirevåg hamn er peika ut som regionalt næringsområde i regionalplanen for Jæren. Ei vidareutvikling av Sirevåg hamn for å få til auka aktivitet i hamneområdet og spesielt knoppskyting/etableringar på industriområde i nærleiken (Skoga/Nylund), er viktig.

- Kommunen hadde fleire førespurnadar om etableringar i Sirevåg utan at desse vart realisert i 2015.
- Ei reguleringsendring for del av hamneområdet (Ind.7) som mjuka opp regelverket og opna for sjøretta etableringar utan å knyte dette direkte til fiskeri, vart godkjent.
- Det vart arbeidd med utkast til justering av reguleringsplanen for Oddane med sikte på ei oppmjuking av regelverket for å åpne for sjøretta etableringar utan å knyte dette til fiskeri. Arbeidet omfattar også vurderingar om det kan la seg gjere å ta inn større skip i hamnebassenget og å utforme planlagt sjete ved Oddane industriområde for å få eit rolegare hamnebasseng.
- Landingsverdien av fisk var ca 113 millionar kr med eit kvantum på ca 11 000 tonn, som er ein omsetningsnedgang på 11 prosent i høve til 2014 og ein nedgang i kvantum på 26 prosent. Omsetninga omfatta hovudsakleg sild og makrell. Det er spesielt Sir fish som har nedgang i kvantum.

## Landbruk

Landbruksnæringa utgjer ein heilt sentral del av næringslivet. Kommunen driv eit aktivt og omfattande arbeid med rådgiving, formidling av tilskot- og støtteordningar og behandling av enkeltsaker slik som nydyrking, frådeling av areal, konsesjonssøknader mm.

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Stk (søkn)	9	8	7	13	11	10
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Mill kr	2,40	2,82	2,42	5,20	4,90	2,35
Bygdeutviklingsmidl., rentestøtte	Stk	5	7	4	10	7	3
Bygdeutviklingsmidl., rentestøtte	Mill kr	2,30	14,20	9,50	14,40	17,30	7,0
Produksjonstilskot, jordbruk	Stk	949	931	923	911	882	870
Produksjonstilskot, landbruk	Mill kr	102,30	104,70	113,50	114,50	115,30	118,81
Avløyning i jordbruket. Ferie og fritid	Stk (søkn)	466	442	442	442	442	436
Avløyning i jordbruket. Sjukdom mm.	Stk (søkn)	104	107	111	90	85	74
Avløysartilskot, landbruk	Mill kr	23,60	24,70	24,60	24,70	26,10	26,66
Produksjonstilskot, kontrollar	Stk	55	50	57	49	47	46
Regionalt miljøprogram	Stk (søkn)	142	136	133	162	166	178
Regionalt miljøprogram	Mill kr						4,41
Drenering	Stk	0					12
Drenering	Mill rkr.						0,34
Areal godkjent for nydyrking	Daa	556	556	431	181	486	341
Faktisk dyrka areal	Daa	384	174	303	379	319	320
Tilskot til miljø- og kulturlandskapstiltak	Mill rkr	1,10	0,81	0,82	0,87	1,30	0,65
Avvirking av skog	M <sup>3</sup>						6 570
Avvirking av skog, verdi	Mill kr.						1,623
Nyplanting skog	da						9
Flaterydding	da						22
Grøfting, bekkerens	lm						275

Den nye kommuneplanen legg sterk vekt på jordvern. Utbygging på mindre produktive areal i Stokkalandsmarka er prioritert. Det er strenge reglar for bygging i LNF-områda og for omdisponering av landbruksjord til andre formål. Hå kommune skal vidareutviklast som ein dei største og viktigaste landbrukskommunane i landet. Det har også i 2015 vore:

- Stor aktivitet med bygging av lausdriftsfjos og andre nyinvesteringar.
- Framleis stor interesse for nydyrking, for grøfting av tidlegare dyrka jord og for å lø nye steingardar.
- Utfordringar knytta til gjennomføring av tiltak for oppfylling av vassdirektivet.

Rogaland Revisjon IKS la i mars 2015 fram rapporten «Forvaltningsrevisjon av jordvern». I konklusjonen i rapporten heiter det mellom anna:

*«Vi anbefaler kommunen å utarbeide enkle årlige oversikter over antall dispensasjonssaker og antall dekar som er omdisponert.»*

Kommunestyret behandla rapporten den den 07.05.2015 (sak 37/15) og vedtok:  
 «Kommunestyret i Hå tek forvaltningsrevisjonen «Jordvern» til orientering. Rapporten vidaresendast rådmannen for oppfølging av rapportens konklusjonar og anbefalingar. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

Aktivitet	Eining	2015
Dispensasjon, Omdisp. av landbruksareal	Stk	6
Disp., Samla areal omdisponert	DA	10,2
Disp., Bruksrasjonalisering	DA	9,0

- Det vart i 2015 gitt 6 dispensasjonar for omdisponering av landbruksjord. Av desse var 5 saker, med eit samla areal på 9,0 da, knyta til bruksrasjonaliering. Ei sak (1,2 da) gjaldt frådeling av det tredje huset på garden.

## Viltforvaltning

Aktivitet	Eining	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Fellingsløyve rådyr.	Stk	226	232	242	239	248	242
Felling rådyr	Stk	127	64	66	69	59	66
Fellingsløyve hjort	Stk	16	18	19	20	21	20
Felling hjort	Stk	13	5	5	4	5	7
Fellingsløyve elg	Stk	2	2	2	2	2	2
Felling elg	Stk	2	0	0	0	1	2

## Kva kan gjerast betre?

Innafor dei fleste tenestene og fagfelta vil det alltid vere eit utviklings- og forbetningspotensiale. Eit slik utviklingsarbeid må vere ein kontinuerlig prosess og inngå i det daglege arbeidet i administrasjonen. Ut over dette, vil rådmannen i denne omgang trekke fram særleg to punkt som må viast ein særleg innsats:

### Sal av kommunale bustadtomter og næringsareal

2015 vart eit år då fleire store anlegg som har vore under planlegging over mange år, kom til utføring. Det gjeld m.a. parsellar av omkøyringsvegane både på Nærbø og Vigrestad og ny gang- og sykkelveg langs Buevegen på Varhaug. Det gjeld omfattande VA-anlegg og gateoppusting i Gudmestadvegen på Nærbø og Vågen/Skansabakken i Sirevåg. Første feltet i den neste store utbyggingsetappen i Stokkalandsmarka vart ferdigstilt.

Samtidig med denne store anleggsaktiviteten, vart det i 2015 starta bygging av vesentleg færre bustadar enn åra før. Bare ei av 32 nye tomter i Stokkalandsmarka vart selt. Sjølv om det også i dei føregåande åra har vore relativt store variasjonar i bustadproduksjonen frå år til år, peikar den generelle økonomiske utviklinga i regionen nå mot at nedgangen denne gongen vil vare fleire år. Denne utviklinga vil gje vesentlege utfordringar for kommunen i 2016 og dei næraste åra framover.

Hå kommune har inngått omfattande grunnkjøpsavtaler, særleg i Stokkalandsmarka, som sikrar kommunen utbyggingsareal for mange år framover. Dette har allereie medført og vil medføre vesentlege utbetalingar i åra framover. I samsvar med vedtatt økonomiplan er det også sett i gang store anleggsprosjekt for opparbeiding ny hovudveg frå fv 44 mot Stokkalandsmarka og opparbeiding av ny hovudveg (Haugstadvegen), nye utbyggingsfelt og del av planlagt næringsområde internt i området. Dette er anlegg som er heilt nødvendige for å følgje opp kommunestyrets vedtak om at Stokkalandsmarka skal vere kommunens hovudutbyggingsområde i åra framover.

Situasjonen er då den at det allereie er utbetalt eller gjort investeringsbeslutningar som bind vesentlege midlar til utbygging av infrastruktur i området. Det er i praksis ikkje mogeleg å omgjere desse beslutningane. Rådmannen kan heller ikkje sjå at det er ønskeleg. Resultatet ville nok då blitt at utbygginga i området ville bli utsett på ubestemt tid.

Alternativet ligg nok heller i at kommunen må satse sterkt på sal av tomter og etablering av verksemder i området som kan gje inntekter av desse investeringane og bygge opp under kommunestyrets vedtak om å satse på nærings- og bustadutbygging i sørover i kommunen. Skal desse måla nåast, er det nødvendig å sjå på både den interne organiseringa av tomtesalet og på marknadsføring, salsvilkår og andre sider ved tildeling og sal av kommunale tomter og tomteareal.

### Samhandling og kommunikasjon med utbyggerar og tiltakshavarar

Den nye kommuneplanen gir viktige føresetnader for utbygginga i kommunen. Regelverket gir stramme rammer for bygging i LNF-områda. Det er krav om høg tomteutnytting innfor eksisterande tettstader samtidig som dei enkelte utbyggingsprosjekta også skal tilfredsstillе viktige kvalitetskrav, t.d. når det gjeld uteopphaldsareal og leikeplassar. Nye reglar for «eplehagefortetting» medfører ei vesentleg omlegging av regelverket for fortetting innfor eksisterande einestadfelt.

I ein hektisk kvardag har det vist seg å vere ei utfordring å få til ei god formidling av og forståing for det regelverket som nå gjeld. Ein god kommunikasjon i ein situasjon med ulike interesser kan vere vanskeleg. Det må derfor arbeidast aktivt med å forbetra denne kommunikasjonsprosessen for hindre unødvendig misnøye og forlenga behandlingstid på enkeltsakene.



# Administrasjonen

## Open, driftig og stolt!

2015 var året da det vart gjort fleire grep for å møte innbyggjarane på ein betre måte og kunne gje både innbyggjarar og dei tilsette i kommunen betre service. Alle sentrale arkiv er samla i Dokumentsenteret, alle personal- og organisasjonsressursar er sentralisert og seint i desember opna Servicetorget med sin ny tilsette leiar. Arbeidet med å byte vindauge og installere ventilasjon i den eldste delen av rådhuset er godt i gang. Vi har sett gode resultat av arbeidet med systematisk leiarutvikling (og –forum) og gjennomførte medarbeiderundersøking for heile kommunen i november 2015.

### Økonomisk resultat

1000 kroner	Regnskap		Budsjett
	2014	2015	2015 *)
Politisk sekretariat	7 494	8 762	8 778
Sentraladministrasjonen	35 007	38 412	39 009
Kyrkjer og andre trossamfunn	11 066	11 181	11 302
<b>Netto ramme</b>	<b>53 567</b>	<b>58 232</b>	<b>59 089</b>

\*) budsjett med godkjente endringar.

Der har vært god kontroll med bruken av dei økonomiske ressursane gjennom 2015. Samla ressursbruk er auka i høve til 2014 fordi oppgåver og årsverk er flytta frå tenestoområda og inn i sentraladministrasjonen.

### **Politisk sekretariat**

Det vart gjennomført kommunestyre- og fylkestingsval 14. september 2015. Auken i kostnader i høve til 2014 skuldast i hovudsak val, opplæring av dei folkevalde og iPad til nye folkevalde. Hå kommune deltok i forbindelse med valet også i ei prøveordning med røyserett for 16- og 17-åringar.

Hausten 2015 har og blitt brukt til å førebu folkerøysting om Jæren kommune. Spørsmålet veljarane skal ta stilling til 25. april er: *Skal Hå, Klepp og Time saman etablera ein ny Jæren kommune?*

### **Personal og organisasjon**

#### *Mål og prioriterte oppgåver*

Kommuneplanen seier at den overordna målsettinga for personalpolitikken skal vere å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft.

### *Viktigaste hendingar og resultat*

I 2015 har personal- og organisasjonsavdelinga søkt å bidra til dette målet ved mellom anna å satse på inkluderande arbeidsliv, planleggje og drive leiarsamlingar og -utvikling, tilby tett leiarstøtte i mange enkeltsakar, og arbeide vidare i eit godt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar på ulike områdar. Sjå kapittel «Styring og kontroll» for omtale og resultat av dette arbeidet.

### *Kva kan gjerast betre*

I 2016 vil personal- og organisasjonsavdelinga arbeide med hovudleveranseområda sine og utvida leiarstøtta på desse områda. Dette er og eit ledd i å tydeleggjere arbeidsdelinga mellom tenesteområda og stabsfunksjonane, og bidreg til betre ressursnyttning. Ein vil og halde fram med IA-satsinga, da forskning synar at varig fokus er det viktigaste tiltaket i arbeidet med å redusere sjukefråværet i ei verksemd. Dei lokale forhandlingane 2016 er dei første etter at dei fulle verknadane av den førre Hovudtariffavtala har sett inn og resultatata vil vere viktig for rekrutteringstilhøva i kommunen

## **Økonomi, lønn og innkjøp**

### Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmåla for økonomiseksjonen er å utføre økonomioppgåvene (budsjett, rekneskap, lønn, fakturering og innkrevjing) punktleg, rett og effektivt. Eininga skal òg medverke til å framstille saker, planar og økonomiske styringssystem og kvalitetssikre desse. Vidare styre likviditeten, mellom anna ved å oppnå tilfredsstillande avkastning på kommunen sine midlar innanfor akseptable rammer for risiko, jamfør kommunen sitt finansreglement. Sekretærfunksjonen for forhandlingsutvalet er òg organisert i seksjonen.

Utviklinga i den kommunale økonomien er omtalt i siste delen av denne årsmeldinga.

### Viktigaste hendingar og resultat

Økonomiseksjonen fører rekneskap og står for utbetaling og utlønning for Hå kommune, Jærmuseet (bare utlønning), Sirevåg Hamn i Hå KF, Hå Kyrkjelege Fellesråd og Jæren Everk (bare utlønning), Nærbø sokn, Varhaug sokn og Ognå sokn.

I slutten av 2014 var det ei vesentleg oppgradering av kommunen sitt økonomisystem og det blei arbeidd med effektivisering av rutinane rundt det nye systemet i 2015. I 2015 blei A-ordninga innført for alle arbeidsgjevarar. Hå var pilotkommune og innføringa har gått veldig bra. I tillegg har vi innført elektronisk registrering av timar, ferie og fråvær for dei tilsette som ikkje går i turnus.

## Innkjøp

I 2015 er det inngått nye avtalar om kontorrekvisita, fritt skulemateriell og medisinsk forbruksmateriell. I 2016 skal det mellom anna lysast ut anbod på datarekvisita, digitalisering av eigeidsarkiv, IT-verktøy for verksemdstyring, kraft og banktenestar.

## Finansforvaltning

Kommunen fører ein etter måten varsam finansieringsstrategi. Storparten av den kommunale lånegjelda har lita binding av lånerenta over tid. Lånevilkåra balanserer dermed mykje mot vilkåra for renteinntektene kommunen får for lån til Lyse Energi og mot vilkåra for dei kortsiktige plasseringane i pengemarknaden. Rentenivået utan- og innanlands var lågt også gjennom 2015. Jamfør elles omtale av finansforvaltninga under «Årsrekneskap».

## Startlån

Kommunen låner kvart år pengar som skal lånast ut til særskilte grupper , såkalla formidlingslån (lån til vidare utlån til huskjøparar eller husbyggjarar). For 2015 var faktisk utlån mykje lågare enn i 2014 - jamfør omtale av startlån under «Årsrekneskap».

## Kva kan gjerast betre

I 2016 vil vi ta i bruk elektroniske reiserekningar som eit ledd i det å stadig forenkle og effektivisere..

Kommunen har i dag ikkje eit samla system for å setje og følgje opp konkrete mål. Det skal etablerast eit for dette i 2015 og investeringsmidlar til innkjøp av system er sett av i IT budsjettet.

## ***Servicetorget***

### Mål og prioriterte oppgåver

Hå kommune ønskjer å ha ein god dialog med innbyggjarane og leggja til rette for innsyn, deltaking og medverknad. Me ønskjer at alle som vender seg til Hå kommune skal bli møtt venleg, imøtekomande og med respekt, bli viste til rett person, få aktuell informasjon, få eit tenestetilbod av høg kvalitet og svar innan fastsett tid.

### Viktigaste hendingar og resultat

Servicetorget vart etablert mot slutten av 2015 i rådhuset på Varhaug. I tillegg til ei fysisk ombygging i resepsjonsområdet, har det vore ei organisatorisk endring for å rigga til ein betre kommunikasjon med innbyggjarane.

### Kva kan gjerast betre

Det er ei aukande forventning i befolkninga om å kunne bestilla tenester digitalt, døgnet rundt. Å vidareutvikla det digitale servicetorget er dermed ei prioritert oppgåve framover.

# **Dokumentsenter**

## Mål og prioriterte oppgaver

Dokumentsenteret skal sørge for at arkivet er i samsvar med gjeldende lovar og reglar, at arbeidsoppgåvene blir utførte på ein rasjonell og effektiv måte, og at det blir gitt nødvendig opplæring, rettleiing og oppfølging innanfor arbeidsområdet. Dokumentsenteret skal yte god service til forvaltning og publikum, og sikre at kommunen for ettertida kan dokumentere sine vedtak og tiltak.

## Viktigaste hendingar og resultat

### *Frå sentralarkiv til dokumentsenter:*

I mai 2015 etablerte Hå kommune eit dokumentsenter og tok eit steg i retning av ein meir sentralisert arkivfunksjon, der alt som rører arkivfunksjonen - arkiv, arbeidsoppgåver og personar - blir samla i ei eining som skal tene alle områda i kommunen, samt eksterne. Ved hjelp av overføring av interne ressursar frå teknisk og næring, er det nå totalt 3,5 stillingar ved dokumentsenteret.

### *Tilsyn frå Arkivverket:*

I september 2015 hadde Arkivverket tilsyn med Hå kommune, med fokus på arkivorganisering, særleg elektroniske arkivsystem, samt arkivrutinar og -lokale. Hå kommune fekk gode tilbakemeldingar på tilsynet, særleg blei det trekt fram at det er god dialog med leiinga og ein bevissthet rundt at arkiv må vere synleg og på dagsorden i organisasjonen for å sikre dokumentfangst.

### *WebSak Fokus - nytt brukargrensesnitt, nye brukarar:*

I oktober 2015 tok Hå kommune i bruk WebSak Fokus, eit forenkla brukargrensesnitt i sak/arkivsystemet med tilgang til dokumentbehandlings- og arkivfunksjonalitet direkte i Outlook. Systemet gjer det enkelt å arkivere e-post i riktig sak, og gir eit meir tilgjengeleg og brukarvenleg elektronisk arkiv.

I tillegg tok Jæren Everk i bruk WebSak, og gjekk dermed over til fullelektronisk arkiv.

Det er til saman ca. 225 brukarar av WebSak, fordelt på alle tenesteområda i kommunen.

### *Digitalisering av eigedomsarkivet til Hå kommune:*

I 2015 gjekk kommunen ut på anbod for digitalisering av eigedomsarkivet, dvs. arkiv for byggesak, oppmåling og landbruk fram t.o.m. 2006. Det digitaliserte materialet skal ha same informasjonsverdi som dagens papirarkiv for interne og (på sikt) eksterne brukarar, men vere lettare tilgjengeleg og med enklare og meir fleksibel gjenfinning. Målet er at arkivet skal vere ferdig digitalisert i løpet av 2016/2017.

Eigedomsarkivet blei rydda og pakka klar for digitalisering. I tillegg var det mange einingar i kommunen som skulle flytte, rive eller bygge om, m.a. skular, barnehagar, bibliotek og rådhus, og i samband med dette blei ei rekke fysiske arkiv rydda, ordna og leverte til arkivet på rådhuset.

## Kva kan gjerast betre?

I 2016 vil ein forsetje arbeidet med å bygge opp dokumentsenteret og kvalitetssikre kommunen sin dokumentasjon. Dokumentsenteret vil også bidra i arbeidet med digitalisering, t.d. plandialog, overgang til fullelektroniske arkiv, digitale skjema, og ekspedering via digitale kanalar.

## **Informasjonsteknologi**

### Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmåla for IT-avdelinga er å levere sikker og stabil drift av kommunen sine IT-system; linjer, serverar og sentrale komponentar og PC-ar, samt sørge for intern rådgjeving, stå for oppdateringar, innføring av nye system og byggje ut og styrke systema. I tillegg arbeider me med å gjere digitale løysingar tilgjengeleg for innbyggjarane og andre eksterne aktørar. Dette arbeidet vil me fokusere ytterlegare på framover. Me ønskjer å ta i bruk nye digitale løysingar for å styrke innbyggjardeltaking og tilgjengeleggjering av digital informasjon, samt gjere arbeidsprosessar tilgjengelege digitalt for innbyggjarar og andre eksterne aktørar.

### Viktigaste hendingar og resultat

#### *Beredskap*

I 2015 blei det bygd opp ein heilt ny driftssentral. Hå kommunes driftssenter (med doble sentralar) står fram som særst robust og framtidsretta, jamfør «styring og kontroll)



*Her koplar IT konsulent Jan Erik Larsen leidingar. Foto: Anne Lise Norheim*

### *IT-drift for Jæren Everk*

Me driftar nå alle system for Jæren E-verk som òg nyttar kommunen sine fellessystem, til dømes lønn, sak/arkiv, epost, intranett og webpubliseringssystem. Gjennom dette samarbeidet arbeider me òg saman for å byggje ut kommunen sitt kommunikasjonssystem med legging av felles trekkjerøyr og fiberkablar. I 2015 utvida vi dette samarbeidet ytterlegare og ser nå stor nytte for alle partar.

### *Nytt turnussystem*

Det blei lyst ut førespurnad på utskifting av turnussystem for bruk i pleie- og omsorgs-teneste og barnehagane, då det systemet me hadde ikkje lenger syntest å fungerte godt. Det synte seg at eksisterande leverandør samstundes utvikla ny løysing/versjon som vart vurdert til å vera betre enn alternativa, så avgjerda vart å fortsetja med dagens leverandøren men ta i bruk ny versjon.

### *Digitalisering av eigedomsarkiv*

For å auka tilgang til eigedomsarkiv for tilsette og seinare for innbyggjarane vart det bestemt å lysa ut anbod på digitalisering av dette. I 2016 vil vi få utført dette arbeidet.

### *Open forvaltning / digitalt førsteval*

For å styrke satsinga vår på digital kommunikasjon med innbyggjarane tilsette me i år ein digital medieansvarleg. Me ser alt nå at dette løfter oss i satsinga, og at avdelinga nå arbeider med interne oppgåver så vel som digital dialog med innbyggjarane og eksterne aktørar.

### *PC-ar*

Det er nå om lag 2500 PC-ar som er i dagleg bruk. I år har vi fortsatt innkjøp av PC med pekeskjerm som også er nettbrett til skulane. I haust vart det også kjøpt inn nye PC-er til alle som byrja i 8. klasse. Desse skal elevane bruka dei tre åra på ungdomstrinnet. Det er sett mål for talet på tilgjengelege PC-ar i skulane; 1:1 for lærarar og elevar i ungdomsskulane og 1:3 for elevar på barnetrinnet. Me er nå godt over desse måtala.

I 2015 blei tilsett ein ny person og vi har nå god bemanning og sær sars god kompetanse i avdelinga.

### **Drift**

- Det har vore ein stabil og trygg driftssituasjon. Datasenter og løysingar er oppdaterte og fornya. Nytt driftsmiljø med to driftssentralar har styrja drifta i særleg grad.

## Økonomi

- Oppgåvene lar seg utføre innanfor oppsett budsjett.
- Nokre investeringar vert utsette av di ein ikkje har nok personell til å stå for planlegging og gjennomføring av planlagde prosjekt.

## Kompetanse

- Det er ei stadig utfordring å byggje opp kompetanse på dei forskjellige løysingane som vert tekne i bruk. Det er samstundes vanskeleg å få tak i ekstern kompetanse for å styrke dette arbeidet. Vi har klart å gjennomføra fleire avanserte kurs for tilsette.

## Kva kan gjerast betre?

Dei løysingane som allereie er på plass kan nyttast i større grad til å effektivisere administrativt arbeid og til å betre innbyggjardialog og samhandling. Ny løysingar som er tilgjengelege kan ytterlegare styrke dette.

## **Bygg- og eigedomsforvaltning**

I 2015 blei det oppretta stilling som kommunal eigedomssjef og ny eigedomssjef var på plass 7 april 2015. Hovudoppgåva er å forvalte og utvikle kommunen sine eigedommar, stå for vedlikehaldet av desse i tillegg til å ha ansvar for byggeleiaroppgåver.

Eigedomssjefen leier ei stabsavdeling og rapporterer direkte til rådmannen. Avdelinga inneheld byggeleiing kor prosjektleiarane høyrer til, samt eigen drifts- og vedlikehaldsavdeling. Ein eigen avdelingsleiar har ansvar for all drift og vedlikehald av kommunale bygg.

Om lag 140 personer har sin daglige arbeidsplass i eigedomsavdelinga

## Mål og prioriterte oppgåver

Målsettinga er å gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt i tråd med vedtekne budsjett og planar. Likeins skal drift og vedlikehald gjennomførast etter vedtekne budsjett og planar. Eksisterande bygningsmasse må takast i vare og vedlikehaldas på ein slik måte at verdi og funksjon blir tatt i vare og ikkje blir forringa.

Drift og vedlikehaldsavdelinga bruker IK Bygg som internkontrollsystem og det er eit mål å utvikle og utvide dette systemet i løpet av 2016



Vaktmeister Anton Tjemsland ordnar lys i kommunestyresalen. Foto: Anne Lise Norheim

## Viktigaste hendingar og resultat - Bygg

### *Helse og Sosial*

- Hå sjukeheim, 2 etasjar med påbygg og ombygging av parkeringsplassen er under prosjektering. Prosjektet er blitt forsinka med 4-6 månader da konseptet måtte endrast for å oppfylle parkeringskrav i reguleringsføresegner og kommuneplan. Parkeringsplass ventast ferdigstilt på nyåret 2017. Påbygg er venta ferdigstilt hausten 2018.
- Rosklia forsterka bustader er klar til oppstart. Arbeidet har blitt forsinka som følge av klagesaker og politisk behandling. Igangsettingsløyve er nå gitt og arbeida starter i januar 2016 med venta ferdigstilling i mai 2016.

### *Skoler*

- Arbeid med Bø skule går etter vedtekne planar. Skulen skal takast i bruk i august 2016.
- Oгна skule: Arbeidet går etter framdriftsplan. Riving av gamal skule startar opp i februar 2016 og bygging av ny skule starter i august 2016. Nye Oгна skule skal stå klar til bruk i januar 2018.

### *Barnehagar*

- Motlandsmarka barnehage blei ferdig og tatt i bruk 1 desember 2015. Dette var etter plan. Økonomisk blei det tilleggsløyvt 1,8 millionar kroner, prosjektet blei etter det levert på kalkyle.



## Kulturbygg

- Lensmannsløa. Her blei prosjektering påbegynt i 2015. Midlar er løyvt i økonomiplan og planen er å gjere arbeidet ferdig i løpet av 2016.
- Toalettbygg ved Grødaland bygdemuseum er ferdig prosjektert. Blir ferdig i 2016.
- Folkebibliotek Nærbø. Ferdig prosjektert. Arbeidet starter i januar 2016 og skal være ferdig i april 2016.

## Administrasjonsbygg

- Pytten garderobeanlegg er ferdig. Bygget blei offisielt opna 02.11.2015, noko forseinka i forhold til framdriftsplan. Økonomisk blei bygget levert som kalkulert.
- Opprustning Rådhuset Varhaug. Arbeidet ble påbegynt i august 2015. Etter plan blir det ferdigstilt i mars - april 2016.

Arbeida med Rådhuset har vært mer krevjande enn venta og spesielt det elektriske anlegget i bygget har vært i dårlig stand.. I tillegg har kjerneboring ført med seg mykje ekstra arbeid på det elektriske anlegget.

## Viktigste hendelser drifts- og vedlikehaldsavdeling

- Lensmannsgarden 28 er oppgradert med nytt ventilasjonssystem og brann/røming. Blir ferdigstilt våren 2016.
- Varhaug helsesenter har fått oppgradert helsestasjonen og legesenter.
- Klokkartunet 41 hus B er oppgradert til kontor og utleigeleilegheit for SUS.
- Klokkartunet 50 Aktivitetssenter skal oppgraderas. Arbeidet er begynt. Ferdigstillas i 2016.
- Rosklia 7A er ferdigstilt etter brann.
- Leiligheter på Gjegnet Vigrestad er ferdig rehabilitert etter flomskader.
- Fleire bustader er heilt eller delvis renovert innvendig.
- Høyland skule har fått nytt garderobeanlegg og ventilasjonsanlegg i gymsal-bygget.
- Vigrestad barneskule har fått oppgradert ventilasjonsanlegg og SD anlegg.
- Breidablikk barnehage har fått ny brannsentral etter lynnedslag.
- Trekløveren barnehage i Skulegata er ferdig renovert etter vasskade.
- Mindre vedlikeholdsoppgaver er gjennomført i høve til internkontrollsystemet IK Bygg

## Diverse

- Det blei i 2015 lyst ut og tilsett ny prosjekt/byggeleiar som starter 1 februar 2016. For dei to store skuleprosjekta blir det leigt det inn ein prosjekt/byggeleiar.
- IK bygg har hatt sitt første hele år som internkontrollsystem for bygg. Tilbakemeldingene fra brukere er meget bra.

## Kva kan gjerast betre

- Arbeid med å få på plass felles rutinar og system for både byggeprosesser og drift / vedlikehald er starta, men mykje arbeid står igjen. Dette vil fortsette ut i 2016.
- Lagrings- og rapporteringsrutinar må betrast.
- Oppdatering / kursdeltaking på faglig nivå må bli betre

# Framtidsutsikter

## **Stø kurs framover**

*Hå kommune held stø kurs når det gjeld drift og investeringar for budsjettet 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 til tross for usikre tider nasjonalt, regionalt og lokalt.*

## **Visjon og verdier**

I arbeidet med budsjettet for 2016 og økonomiplanen for 2016 – 2019 har det vist seg, meir enn nokon gong, viktigheita av å løfte i lag. Med høgare utgifter til sosialhjelp, nedgang i oljenæringa i tillegg til auka arbeidsløysa og lågare skattenivå gjeld det å løfte i lag for å få til dei beste resultatane for innbyggjarane våre.

Nye krav og rammer for kommunale tenester gjer omstilling nødvendig på alle nivå i organisasjonen. Dette krev kompetanse på endringsleiing. Gjennom leiarforum og leiarutviklingsprogram, etablering av servicetorg, nytenking og innovasjon i heile organisasjonen kan vi saman løfte i lag gjennom verdiane open, driftig og stolt. På den måten kan vi vere betre rusta til å møte dei moglegheiter og utfordringar vi har i ein vekstkommune.

## **Kva er viktig framover?**

Vi ser framleis at sterk vekst i folketallet og auke i talet på flyktningar stiller store krav til omstillingsevne og tenesteproduksjon. Vi ser også ein auke i arbeidsløysa og at det blir sett i gang bygging av færre bustader i kommunen. Det er viktig å halde på den økonomiske handlefridomen slik det er bestemt i kommuneplanen for perioden 2014 – 2028. Kommunebarometeret for 2015 viser at Hå kjem godt ut på kvalitet og økonomi samanlikna med andre kommunar og det er viktig å halde på dette.

Driftsresultatet er sett opp slik at vi når måltallet om eit driftsresultat på minst 1,5 prosent av dei totale driftsinntektene i økonomiplanperioden 2016-2019. I budsjettet for 2016 er lagt inn driftsinntekter på 1,293 milliard kroner. Driftskostnadane er budsjettert til 1,284 milliard kroner. Netto finanspostar og avskrivningar aukar også slik at budsjettert driftsresultat er på 19,7 millionar kroner.

Dei store investeringane held fram. I økonomiplanperioden 2016 – 2019 er det lagt inn 1,292 milliard kroner i investeringar, mot 1,371 milliard kroner i økonomiplanperioden 2015 – 2018. Når vi tar omsyn til inntekter frå sal av tomter til industri og bustadbygging, ser vi ein liten auke i lånegjeld per innbyggjar til 59.700 kroner/innbyggjar i 2017. Dette går ned i 2018 til 57.800 kroner/innbyggjar.

Det er knytt usikkerheit til fleire av postane i budsjettet, både skatteinngang, rentenivå og faktisk auke i tenesteproduksjon. Det er derfor viktig å ha eit robust budsjett, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde ein del midlar på fond som i dag.

## Prioriterte oppgaver i 2016 og i økonomiplanperioden er

- Ferdigstille dei to store skuleprosjekta på Bø og Ognå
- Bygge barnehagar på Vigrestad, Brusand og i Bratlandsmarka
- Fortsatt satsing på å auke den formelle kompetansen blant dei tilsette i barnehage og skule
- Sikre integrering av innvandrarak og andre med særskilde og samansette behov – gi heilskaplege og koordinerte tilbod med omsyn til språk, arbeid, helse og kulturelt/sosialt
- Bygge to etasjar på Hå sjukeheim
- Vidareutvikle Stokkalandsmarka og legge til rette for nye bustad- og industriområde
- Ytterlegare investering i flaum- og overvassikring
- Satsing på nærmiljø og tettstadsutvikling
- Vidareføring av satsing på Jærmuseet, ein viktig regional institusjon med hovudadministrasjon i Hå

## **Utviklingstrekk**

Utviklingstrekk i samfunnet er viktig for kommunen si vurdering av framtidsutsiktene. Nokre av dei hovudutfordringane vi ser framover er omtalt nedanfor. Desse utfordringane vil vi ta omsyn til når vi vurderer om, eller i kor stor grad, vedtatt kommuneplan (og andre planer) skal reviderast.

### Befolkningsutvikling

Den demografiske utviklinga legger føringar på kommunen si disponering av økonomiske ressursar og er med på å sette rammene for kommunalt utviklingsarbeid. Folkemengd per 31.12.2015 var 18.591 personar.

### Sysselsetting

Konjunkturedgang i oljeindustrien påverkar arbeidsmarknaden i heile regionen. Ein ser nå den høgaste arbeidløysa i Hå på 10 år.

### Flyktningssituasjonen

Fleire flyktningar og asylsøkarar kan potensielt bli ei belastning for kommunen sitt tenesteapparat og samstundes utfordre sosiale strukturar i lokalsamfunna. Kommunestyret har vedtatt å ta imot 55 flyktningar i 2016. Av dette er det mange einsleg mindreårige.

### Folkehelse

God folkehelse er viktig både for den enkelte innbyggjar og for kommunen som heilskap. Målet for alt folkehelsearbeid er flere leveår med god helse og utjamning av sosiale helseforskjeller i befolkninga. Helsetilstanden blir bedre jo høgere man befinner seg i det sosioøkonomiske hierarkiet. Dette betyr at dårlig utfall på faktorer som for eksempel

arbeidsledighet, frafall i videregående skole og dårlige leseferdigheter i barneskolen kan resultere i helseproblemer.

Å mestre livet er ein viktig føresetnad for ei god psykisk og fysisk helse. Helsefremjande nærmiljø som legg til rette for at ein kan ta del i samfunnet og oppleve sosial støtte er svært viktig.

31. desember 2015 viser at folketallet bare økte med 63 til 18 591 noko som tilsvarer 0,3%.



*Glade og spreke born på Motland skule. Foto: Anne Lise Norheim*

## Samfunnstryggleik og beredskap

Alle kommuner har plikt til å gjennomføre en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse. En kan aldri vite når en uønsket hendelse kan ramme kommunen og innbyggerne, men når det skjer skal kommune være forberedt. Helskapelege risiko- og sårbarhetsanalyse er grunnlaget for kommunen sitt heilskapelege og systematiske arbeid med samfunnstryggleik.

Klimatilpassing er nødvendig for å kunne møte framtidige klimaendringer og for å kunne stå imot dagens ekstremvær. Dersom vi ikkje førebur oss vil klimaendringane få store konsekvensar for samfunnet si sårbarheit og kritiske samfunnsfunksjonar. Det må derfor arbeidast for at klimatilpassing må integrerast i alle deler av kommunen si planlegging.

# Årsresultat

*Resultata frå 2015 syner at kommunen har stø kurs framover. Vi leverer nok eit godt driftsresultat og store investeringar for framtida blir gjort slik det er omtalt i kommuneplanen. Der er også utfordringar framover. Nedgangen i næringslivet i regionen pregar også Hå og i 2015 har vi sett låg befolkningsutvikling, låg bustadbygging, auke i talet på personar utan arbeid og mange fleire flyktingar.*

Driftsresultatet for 2015 blei 86 millionar kroner. Dette er 6,6% av driftsinntektene og er betre enn forventa på grunn av høgare tilskot og refusjonar, reduserte pensjonsutgifter, lågare finansutgifter og ikkje minst god budsjettstyring i tenesteområda. Disposisjonsfondet er auka med 35 millionar. Dei store investeringane på 481 millionar kroner gjer at det er tatt opp store lån i 2015. Netto lånegjeld er no 799 millionar kroner som motsvarer 43.000 kroner per innbyggjar. Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk (overskot) er 34,5 millionar kroner. Rådmannen rår til at dette leggst til disposisjonsfondet.

## Kommunal drift

Hå kommune ønskjer å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane. Innbyggjarane venter mykje av dei kommunale tenestene, både når det gjeld kvalitet og omfang. I tillegg kommer det nye krav og forventingar frå sentrale styresmakter om vidare utbygging av tilbod innanfor dei ulike tenesteområda. Desse utfordringane har kommunen handtert godt i 2015. Alle tenesteområda leverer innanfor godkjente budsjetttrammer og har vist stor fleksibilitet og evne til å omstille seg når det er trong for det.

Tenesteyting er arbeidsintensivt, og eg/vi er særst godt nøgd med at den målretta innsatsen for å redusere sjukefråværet har vore vellukka. Det betyr mindre vikarbruk og sjukepenge-refusjon og meir effektiv jobbing. Talet på tilsette er gått opp med 1,6% medan talet på årsverk er gått opp med 1,8%.

Skatteinngangen blei nesten som budsjettet fordi auka inntektsutjamning veide opp for lågare skatteinnbetalingar.

Kommunestyret har vedtatt nokre endringar i budsjettet gjennom året for å ta omsyn til nye oppgåver. Vidare er det vanskeleg å si akkurat når venta endringar kommer. Der er også usikkerheit knytt til omfanget av til dømes spesialundervisning for elevar frå andre kommunar.

## Investering

Kommunen har hatt et svært stort investeringsprogram i 2015. Det er naudsynt å utvikle og bygge opp den kommunale infrastrukturen, slik at vi kan levere effektive og gode tenester til innbyggerne og legge til rette for bustadbygging og næringsutvikling. Dei store investeringane betyr også auka bruk av lånemidlar. Hå har likevel låg lånegjeld per innbyggjar og ein robust balanse. Dei største byggeprosjekta i 2015 har vært å gjere ferdig

Motlandsmarka barnehage, bygging av nye Bø skule og ombygging av rådhuset. Innanfor teknisk og næring er det investert om lag 50 mill kroner kvar på vegar, bustadområder og vatn, kloakk og reinseanlegg.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

## Vurdering

Regnskapet viser at kommunen har god kontroll på ressursbruken knytta til den kommunale tenesteproduksjonen. Lånegjelda aukar, men kommunen har og ikkje disponerte midlar på disposisjonsfond. Det er viktig å fortsatt ha stor merksemd på god økonomistyring slik at ein kan oppretthalda dagens tenestetilbod og finansiere ein del av investeringane av drifta.

## Bekrefting

Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med rekneskapsforskrifta si § 10 den 15. februar 2016. Rekneskapen gjer eit dekkande bilete av Hå kommune sin økonomiske situasjon og resultat av verksemda i 2015. Hå kommune blir revidert av Rogaland Revisjon IKS.



Anne Berit Berge Ims

Rådmann



Bente C Iversen

Økonomisjef

## Statlege rammevilkår

Den største delen av inntektene til kommunen er skatt og rammetilskot. I 2015 var dette to tredelar av driftsinntektene.

Rammetilskotet er fast om ikkje styresmaktene vedtek endringar i form meir eller mindre finansiering knytt til bestemte saker.

Skatteinngangen vil variere med talet på skattytarar og inntektsnivået deira. Den delen kommunen får behalda av innbetalt skatt på inntekt og formue kallast skatteøre. Dette var 11,85% i 2015. Dersom skatteinngangen per innbyggjar er lågare enn landsgjennomsnittet vil kommunen få utbetalt inntektsutjamnande tilskot. Kommunen får meir inntekter som blir finansiert av dei kommunane med høgare skatteinngang enn landsgjennomsnittet.

I høve til 2014 så auka skatteinngangen med 3% og rammetilskott (inkludert inntektsutjamning) auka med 9%. Skatt per innbyggjar blei kr 23 575 i 2015 noko som er 0,5% meir enn i 2014.

Skatteinngangen blei 1,7% lågare enn budsjettet, men siden skatteinngangen per innbyggjar var 89,2% av landsgjennomsnittet fekk Hå meir i inntektsutjamning og summen av skatt og rammetilskott blei 0,4% høgare enn justert budsjett.

Likningsår	2010	2011	2012	2013	2014
Talet på skattytarar med skatt, forskottsordninga	12 680	12 966	13 244	13 661	13 969
Talet på innanbygds arbeidsgjevarar	515	518	530	556	568

Bokføringsår	2011	2012	2013	2014	2015
Innbetalt skatt/avgift (mill.)	1 658	1 717	1 848	1 947	2 013
Hå kommune sin del (mill.)	340	380	407	425	437

Tabellen under viser totale driftsinntekter. Andre inntekter inkluderer brukar- og eigenbetalingar samt tilskot og refusjonar frå stat og andre kommunar.

Driftsinntekter millionar kroner	2011	2012	2013	2014	2015
Skatt	340,3	379,6	407,3	425	436,8
Rammetilskott	331,7	357,6	383,4	399,1	435,9
Vertskommunetilskudd	45,1	43,5	43,5	40,5	40,3
Andre inntekter	305,6	336,0	354,4	361,4	383,3
Sum	1022,7	1116,7	1188,6	1226,0	1 296,3

## Driftsrekneskap

Kommuneplanen sine mål for økonomistyring blei nådd i 2015:

- Driftsresultatet er på 6,6% mot målet på 1,5%.
- Der er auke i ubundne fondsmidler på 35 millionar kroner slik at disposisjonsfondet ved utgangen av 2015 er på 181 millionar kroner eller 14% av driftsinntektene.
- Låneopptaket er innfor forsvarlege rammer. Netto langsiktig lånegjeld er 56,8%<sup>1</sup> av driftsinntektene. Målet i kommuneplanen er at dette forholdstalet skal vere innanfor 60%.
- Kontrollert vekst i driftsutgiftene. Alle rammeområda har halde budsjetttrammene sine med endringar vedtatt gjennom året. Oppgåvene blir fleire, men ein del av auken blir følgt av finansiering frå staten. Det er likevel ei stor utfordring å planleggja sidan det er uvisst når for eksempel flykningar kommer eller kor mange ressurskrevjande brukarar det blir. Skatteinngangen er også uviss sjølv om denne usikkerheita blir dempa av inntektsutjamninga. Dette syner at kommunen har ein effektiv ressursbruk.
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter. Sjølvkostområda går i balanse med ein svak oppbygging av fond. Dette er bunde fond som gjer at prisane kan haldast låge framover (Hå er allereie blant de 10 kommunane som har lågaste gebyr og avgifter).

I alle tabellar og analyser tar vi i tillegg til resultat for førre år også med budsjett for 2015 med vedtekte endringar. Dette reflekterer det som var planlagt og vedteke av politikarane i budsjettet med godkjente endringar gjennom året. Fullstendig årsrekneskap fins seinare i kapitelet.

### Hovudtal

Millionar kroner	Rekneskap					Budsjett
	2011	2012	2013	2014	2015	2015 *)
Driftsinntekter	1 023,0	1 117,0	1 187,0	1 226,0	1 296,0	1 231,0
Driftsutgifter	-945,0	-1 021,0	1 141,0	-1 195,0	-1 243,0	-1 240,0
Finansposter	-3,0	-5,0	-4,0	-6,0	-18,0	-21,0
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>74,0</b>	<b>90,1</b>	<b>84,2</b>	<b>71,4</b>	<b>85,8</b>	<b>20,0</b>
Avsetningar	-37,3	-77,9	-66,0	-38,0	-51,0	-20,0
Overskott	19,0	12,0	18,0	33,0	34,0	
<b>Driftsresultat i % av driftsinntektene</b>	<b>6,2 %</b>	<b>8,1 %</b>	<b>7,1 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>6,6 %</b>	<b>1,6 %</b>

\*) Budsjett inkludert endringar

Driftsresultat i 2011, 2012 og 2013 inneheld MVA kompensasjon for investeringar

